



---

# **Dokument nr. 9**

**(2007-2008)**

**Årsmelding til Stortinget  
frå Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings-  
og tryggingsteneste (EOS-utvalet)**

---

**Årsmelding frå Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og  
tryggingsteneste (EOS-utvalet) for 2007**



## Innhold

|                                                           | Side |                                                  | Side |
|-----------------------------------------------------------|------|--------------------------------------------------|------|
| <b>I. Mandat og samansetjing</b> .....                    | 5    | 3. To saker om brot på dokumenttryggleiken       |      |
| 1. Mandat for utvalet .....                               | 5    | i Forsvaret .....                                | 19   |
| 2. Medlemmene i utvalet .....                             | 5    | 4. Makuleringsstopp for klareringsorgana ...     | 20   |
| <b>II. Oversikt over verksemda i utvalet i 2007</b> ..... | 6    | 5. Kontroll av saksbehandlinga i klarerings-     | 20   |
| 1. Hovudpunkt i kontrollen med tenestene ...              | 6    | saker i Statsbygg .....                          | 20   |
| 2. Inspeksjonsverksemda .....                             | 6    | 6. Kontroll av saksbehandlinga i klarerings-     | 21   |
| 3. Klagesaker og saker som er tekne opp på                |      | saker i Justisdepartementet .....                | 21   |
| eige tiltak .....                                         | 7    | 7. Inspeksjon av personelltryggleikstenesta i    |      |
| 4. Møte og besøk .....                                    | 7    | Utanriksdepartementet .....                      | 22   |
| 4.1 Møte med norske styresmakter .....                    | 7    | 8. Inspeksjon av etterretnings- og tryggingss-   |      |
| 4.2 Besøk frå utlandet, kontakt med                       |      | funksjonar i Heimevernet .....                   | 23   |
| utanlandske kontrollorgan .....                           | 7    | 9. Kontrollen med verksemda i FSA                |      |
| <b>III. Politiets tryggingsteneste (PST)</b> .....        | 8    | (Forsvarets tryggleiksavdeling) .....            | 23   |
| 1. Inspeksjonar, generelt om kontrollen med               |      | 9.1 Innleiing .....                              | 23   |
| tenesta .....                                             | 8    | 9.2 Innsynsrett når klareringssaker blir lagde   |      |
| 2. Kontrollen med arkiv og register .....                 | 9    | bort .....                                       | 23   |
| 2.1 Innleiing .....                                       | 9    | 9.3 Saksbehandlingstida i saker om tryggleiks-   |      |
| 2.2 Oppheving av innsynslova og                           |      | klarering .....                                  | 24   |
| makuleringsstoppen for PST .....                          | 9    | 9.4 Inspeksjon av FSA-seksjonen på Jørstad-      |      |
| 2.3 Interne retningslinjer for å behandle                 |      | moen og orienteringsmøte med FK KKIS             | 24   |
| opplysningar i PST .....                                  | 10   | <b>V. Etterretningstenesta (E-tenesta)</b> ..... | 25   |
| 2.4 Korleis tenesta praktiserer kravet om                 |      | 1. Inspeksjonar, generelt om kontrollen med      |      |
| individuell vurdering før registrering .....              | 10   | tenesta .....                                    | 25   |
| 2.5 Kontrollen av emnearkiv og                            |      | 2. Kontrollen med den tekniske informasjons-     |      |
| personsaksarkiv .....                                     | 11   | innhentinga .....                                | 25   |
| 2.6 Lokale arbeidsregister .....                          | 11   | 3. Informasjonsutveksling med utanlandske        |      |
| 3. Registreringsomgrepet og slettingsom-                  |      | samarbeidande tenester .....                     | 26   |
| grepet i arbeidsregisteret i PST .....                    | 11   | 4. Politisk godkjenning av metodar og            |      |
| 4. Utlevering av personopplysningar til utan-             |      | operasjonar .....                                | 26   |
| landske samarbeidande tenester .....                      | 13   | 5. Samarbeidsoperasjon mellom PST og             |      |
| 5. Bruk av skjulte tvangsmiddel i PST .....               | 14   | E-tenesta .....                                  | 27   |
| 6. Samarbeidsoperasjon mellom PST og                      |      | 6. Generelt om kontrollen av samarbeidet         |      |
| E-tenesta .....                                           | 14   | mellom E-tenesta og PST .....                    | 27   |
| 7. Samarbeidet mellom PST og                              |      | <b>VI. Generelt om kontrollverksemda</b> .....   | 28   |
| tollstyresmaktene .....                                   | 15   | 1. Ulovlege fangetransportar (extraordinary      |      |
| 8. Prosedyrane ved oppføring på og sletting               |      | rendition) .....                                 | 28   |
| frå terrorlista i FN .....                                | 16   | 2. Forholdet mellom EOS-tenestene og den         |      |
| <b>IV. Nasjonalt tryggingssorgan (NSM)</b> .....          | 16   | private tryggingssbransjen .....                 | 29   |
| 1. Inspeksjonar, generelt om kontrollen med               |      | 3. Om prosjektarbeid som metode .....            | 29   |
| tenesta .....                                             | 16   | 4. Internasjonalt arbeid og arbeidet overfor     |      |
| 2. Høve til klarering for personell under                 |      | allmenta .....                                   | 29   |
| omstilling i Forsvaret .....                              | 17   | <b>VII. Administrative forhold</b> .....         | 30   |
|                                                           |      | 1. Budsjett og rekneskap m.m. ....               | 30   |
|                                                           |      | 2. Personale .....                               | 30   |

|                                         | Side |                                               | Side                            |
|-----------------------------------------|------|-----------------------------------------------|---------------------------------|
| <b>Vedlegg</b>                          |      | 3                                             | Instruks om kontroll med etter- |
| 1 Orientering om EOS-utvalet .....      | 31   | retnings-, overvåkings- og sikkerhetstjeneste |                                 |
| 2 Lov 3. februar 1995 nr. 7 om kontroll |      | (EOS) .....                                   | 36                              |
| med etterretnings-, overvåkings- og     |      |                                               |                                 |
| sikkerhetstjeneste .....                | 34   |                                               |                                 |

Med heimel i kontrollova 3. februar 1995 nr. 7 § 8 nr. 2 skal meldingane frå utvalet til Stortinget vere ugraderte. Kva som er tryggleiksgradert, skal etter lovgivinga avgjerast av den som ferdar ut informasjonen. Før utvalet legg fram meldinga til Stortinget, sender utvalet dei respektive delane av meldingsteksten til tenestene for at dei skal avklare om meldinga følgjer kravet.



# Dokument nr. 9

(2007-2008)

## Årsmelding til Stortinget frå Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste (EOS-utvalet)

### Årsmelding frå Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste (EOS-utvalet) for 2007

Til Stortinget

#### I. MANDAT OG SAMANSETJING

##### 1. Mandat for utvalet

Mandatet for EOS-utvalet er forankra i lov 3. februar 1995 nr. 7 om kontroll med etterretnings-, overvåkings- og sikkerhetstjeneste, og i instruks om kontroll med etterretnings-, overvåkings- og sikkerhetstjeneste (EOS), fastsett ved stortingsvedtak 30. mai 1995. EOS-utvalet skal føre kontinuerleg kontroll med etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste (EOS-teneste) som offentlege styresmakter utøver, eller som offentlege styresmakter styrer eller gir oppdrag om å gjennomføre. I lov om forebyggen- de sikkerhetstjeneste 20. mars 1998 nr. 10 § 30 og i lov om Etterretningstjenesten 20. mars 1998 nr 11 § 6 er det teke inn føresegner som viser til kontroll- lova, og som slår fast at utvalet skal kontrollere tenes- tene.

Den viktigaste oppgåva for utvalet er å sjå til at det ikkje blir gjort urett mot einskildmenneske ved utøving av EOS-tenestene, jf. kontrollova § 2. Utvalet skal også føre ein alminneleg legalitetskontroll med tenestene, sia føresegna også pålegg utvalet å sjå til at tenesta held verksemda si innanfor ramma av lov, direktiv og rett som ikkje er lovfesta.

Det primære verkemiddelet i kontrollverksemda er å inspisere alle typar arkiv, datasystem og installa- sjonar som tenestene har hand om, jf. kontrollinstruk- sen § 11 nr. 2. Kontrollen med enkeltsaker og opera- sjonar skal vere etterfølgjande, og han skal vere til

minst mogleg ulempe for den pågåande operative verksemda i tenestene, jf. kontrollinstruksens §§ 4 og 7. Når utvalet handhevar innsynsretten, skal det ta ut- ganspunkt i det som er nødvendig ut frå kontrollfor- målet, og utvalet skal spesielt ta omsyn til behovet for å verne opplysningar som tenestene har fått frå utan- landske samarbeidande tenester.

Utvalet skal undersøkje alle klager frå enkeltper- sonar og organisasjonar, jf. kontrollova § 3 andre ledd. Alle klager eller førespurnader der det blir hev- da at tenestene gjer eller har gjort urett, blir undersøk- te i den eller dei tenestene som klaga rettar seg mot.

Ei orientering som gir meir inngåande informa- sjon om utvalet og kontrollverksemda, er teken inn i vedlegg 1.

##### 2. Medlemmene i utvalet

EOS-utvalet har sju medlemmer, medrekna leiar og nestleiar. Det blir ikkje oppnemnt varamedlem- mer. Stortinget vel medlemmene i plenum etter inn- stilling frå Stortingets presidentskap. Funksjonsperi- oden er normalt fem år. Medlemmene kan nemnast opp igjen.

Utvalet gjer det pågåande arbeidet sitt uavhengig av Stortinget, og stortingsrepresentantar kan ikkje vere medlemmer i utvalet. Stortinget har lagt vekt på at utvalet bør vere breitt sett saman, der både politisk erfaringsbakgrunn og erfaring frå andre samfunns- område er representerte.

*Helga Hernes* leier i dag utvalet. Ho er seniorrådgivar i PRIO, tidlegare statssekretær i Utanriksdepar- tementet og ambassadør til Wien og Bern. Nestleiar i utvalet er *Svein Grønnern*, generalsekretær for SOS- barnebyer i Noreg, tidlegare generalsekretær i Høg- re. Dei andre medlemmene i utvalet er *Kjersti Graver*, lagdommar i Borgarting lagmannsrett og tidlegare forbrukarombod; *Trygve Harvold*, direktør i Lovda-

ta; *Gunhild Øyangen*, tidlegare stortingsrepresentant og statsråd for Arbeidarpartiet; *Knut Hanselmann*, ordførar i Askøy kommune og tidlegare stortingsrepresentant for Framstegspartiet, og *Theo Koritzinsky*, førsteamanuensis i samfunnsfag ved Høgskolen i

Oslo og tidlegare stortingsrepresentant og partileiar for Sosialistisk Venstreparti.

Oversikt over valperiodane for medlemmene (dato da medlemmen første gongen blei oppnemnd, og dato for når funksjonsperioden går ut):

|                          |           |                  |                 |
|--------------------------|-----------|------------------|-----------------|
| Helga Hernes, Oslo       | leiar     | 8. juni 2006     | - 30. juni 2009 |
| Svein Grønner, Oslo      | nestleiar | 13. juni 1996    | - 30. juni 2011 |
| Kjersti Graver, Bærum    |           | 29. mai 1998     | - 30. juni 2009 |
| Trygve Harvold, Oslo     |           | 7. november 2003 | - 30. juni 2011 |
| Knut Hanselmann, Askøy   |           | 8. juni 2006     | - 30. juni 2011 |
| Gunhild Øyangen, Agdenes |           | 8. juni 2006     | - 30. juni 2011 |
| Theo Koritzinsky, Oslo   |           | 24. mai 2007     | - 30. juni 2009 |

## II. OVERSIKT OVER VERKSEMDA I UTVALET I 2007

### 1. Hovudpunkt i kontrollen med tenestene

Da Stortinget behandla årsmeldinga frå utvalet for 2006, bad kontroll- og konstitusjonskomiteen i innstillinga si utvalet om å komme tilbake med ei nærare orientering om oppfølginga av enkelte saker som var omtalte. Denne årsmeldinga gjer greie for desse sakene med referanse til oppmodinga frå komiteen i dei aktuelle avsnitta.

I kontrollen med PST har utvalet behandla ei sak om registrerings- og slettingsomgrepet i arbeidsregisteret for tenesta. Utvalet fann at etterretningsinformasjon om personar som blir sletta i registeret, framleis ligg i registeret og kan søkjast på namn så langt informasjonen er lenkja til andre personar. Utvalet har oppmoda tenesta om å endre praksisen eller å få regelverket endra, slik at det blir samsvar mellom omgrepsbruk og realitetar. I samband med undersøkinga av ein samarbeidsoperasjon mellom PST og E-tenesta har utvalet gitt uttrykk for at reglane som gjeld for metodebruk, ikkje er retta inn mot fellesoperasjonar og ansvarsoverføring mellom tenestene, og at det er nødvendig å sjå på spørsmål om regelendringar. Undersøkingane av den konkrete operasjonen er ikkje avslutta.

Da utvalet inspiserte personellsikringstenesta i Utanriksdepartementet, viste det seg at departementet ikkje hadde forsvarlege rutinar for autorisasjon av egne tilsette. Departementet hadde også følgd ein avvikande og regelstridig praksis for kva det skulle ha å seie for tryggleiksklareringa av tilsette, dersom dei gifta seg eller flytta saman med personar utan 10 års kontrollerbar personhistorikk. I kontrollen med Forsvarets tryggleiksavdeling (FSA) har utvalet behandla ei sak om vilkåra for klarering av personell som er under omstilling i Forsvaret. Utvalet hadde merknader til den tilsynelatande passive haldninga FSA hadde til problemstillinga, som etter det utvalet fekk

opplyst, kunne vere svært viktig for kva høve dette personellet hadde til å få ny stilling i Forsvaret.

Samarbeidsoperasjonen mellom E-tenesta og PST som er nemnd over, reiste spørsmål av same karakter knytte til E-tenesta, og utvalet har også overfor denne tenesta gitt uttrykk for at regelverket er uklart, og at det kan vere nødvendig å sjå på spørsmålet om regelendringar. Undersøkingane av den konkrete operasjonen er heller ikkje avslutta i høve til E-tenesta. Overfor Forsvarsdepartementet har utvalet funne grunn til å knyte merknader til sider ved dokumentasjonen av den politiske godkjeningsprosessen av operasjonen.

### 2. Inspeksjonsverksemda

I samsvar med kontrollinstruksen § 11 nr. 2 skal tilsynsverksemda i regi av utvalet minimum omfatte seks inspeksjonar årleg i PST sentralt, kvartalsvise inspeksjonar i NSM og halvårlege inspeksjonar i Etterretningstenesta sentralt. Vidare skal utvalet årleg inspisere minst fire politidistrikt, minst to ytre einingar i Etterretningstenesta og/eller trygging- og etterretningstenestefunksjonar ved militære stabar og avdelingar, og minst to klareringsorgan utanfor NSM.

Desse reglane er følgde i inspeksjonsverksemda i 2007. Da gjennomførte utvalet totalt 28 inspeksjonar. Av desse er seks haldne i Den sentrale eininga i PST (DSE), fire er haldne i NSM og tre i Etterretningstenesta sentralt. Det er halde 15 inspeksjonar av ytre ledd i tenestene, medrekna tre inspeksjonar i FSA. På åtte av inspeksjonane har den teknisk sakkunnige i utvalet teke del.

Utvalet har gjennom året hatt 20 interne arbeidsmøte. I tillegg er det med delar av utvalet gjennomført eitt møte i Etterretningstenesta sentralt.

Følgjande ytre einingar og lokale ledd o.a. har vore inspiserte i 2007: PST Agder, PST Vest-Oppland, PST Aust-Finnmark, PST Gudbrandsdal, Utanriksdepartementet, Fylkesmannen i Vest-Agder, FSA Jørstadmoen, Heimevernet, forsvarsstasjonane i

Fauske og Kirkenes og Koordinerings- og rådgivingsutvalet for etterretnings- og tryggingstenestene (KRU).

### 3. Klagesaker og saker som er tekne opp på eige tiltak

Utvalet har fått 22 klager i 2007, mot 16 i 2006. 18 av klagenene retta seg mot PST, to mot FSA, éin mot NSM og éin mot Etterretningstenesta.

Utvalet har gjennom året teke opp 18 saker på eige tiltak.

## 4. Møte og besøk

### 4.1 Møte med norske styresmakter

#### ORIENTERINGSMØTE I UTLENDINGSDIREKTORATET

Utvalet orienterte i meldinga for 2006 om samarbeidsrelasjonane mellom PST og utlendingsstyresmaktene. Dette samarbeidet er relativt omfattande, og PST og utlendingsstyresmaktene utvekslar nokså rutinemessig informasjon i visumsaker, asylsaker og utvisingssaker. Kontrolloppgåva gjer det nødvendig å ha innsikt i dette samarbeidet. Utvalet gjennomførte eit orienteringsmøte med Utlendingsdirektoratet i januar 2007. Utvalet viser til nærare utgreiing i avsnitt 1 i kapittel III.

#### MØTE MED KRU OG INSPEKSJON AV KRU-ARKIVET

Utvalet orienterte i årsmeldinga for 2004 og 2005 om at spørsmålet om utvalet har innsyns- og inspeksjonsrett overfor KRU (Koordinerings- og rådgivingsutvalet for etterretnings- og tryggingstenestene), var teke opp med Justisdepartementet på bakgrunn av tvist om innsyn i eitt enkelt dokument som KRU hadde utarbeidd. Saka blei vurdert av lovavdelinga i Justisdepartementet, som kom fram til at utvalet hadde innsynsrett i arbeidet KRU driv.

Utvalet har i 2007 hatt eit møte med KRU der det blei orientert om kva funksjon KRU har, og om verksemda i utvalet. Likeins innsiperte utvalet arkivet i KRU. Utvalet fekk ei innføring i arbeidet med å få til felles omgrepsbruk og -forståing i trusselvurderingane til tenestene, og det styrkte behovet for samarbeid mellom Etterretningstenesta og PST, utfordringar ved informasjonsutveksling med utanlandske samarbeidande tenester, og avklaring av ansvarsgrenser mellom tenestene. Det blei også orientert om den konkrete saka som førte til innsynssaka om KRU-arkiva.

Utvalet blei orientert om og gjorde stikkprøver i KRU-arkiva. Det blei ikkje funne saker eller forhold som gav grunn til å undersøkje eller følgje opp KRU vidare. Det er likevel prinsipielt viktig at utvalet har høve til innsyn og inspeksjon i KRU.

### 4.2 Besøk frå utlandet, kontakt med utanlandske kontrollorgan

#### MØTE MED DET PARLAMENTARISKE KONTROLLORGANET I SØR-AFRIKA

Medlemmer av den parlamentariske kontrollkomiteen i Sør-Afrika - the Joint Standing Committee on Intelligence (JSCI) gjesta i mai utvalet. Komiteen blei etablert i 1996. Forutan eit orienteringsmøte med utvalet blei det gjennomført møte med PST, Etterretningstenesta og NSM i tillegg til utanrikskomiteen og kontroll- og konstitusjonskomiteen. I møtet med utvalet var komiteen særleg oppteken av behovet for å verne om den individuelle rettstrygggleiken i ein situasjon der dei hemmelege tenestene stadig får vidare fullmakter og det internasjonale samarbeidet er aukande.

#### SEMINAR I HAAG I REGI AV DET NEDERLANDSKE KONTROLLORGANET FOR ETTERRETNINGS- OG TRYGGINGSTENESTENE

Leiaren for utvalet og sekretariatet tok i juni 2007 del på ein konferanse i Haag der temaet var internasjonale menneskerettar og ansvarleggjering av tryggings- og etterretningstenester. Seminaret blei arrangert av den nederlandske kontrollkomiteen (the Review Committee on the Intelligence and Security Services). Både representantar for kontrollorgan, forskarar og menneskerettsekspertar tok del på konferansen.

#### ARBEIDSSEMINAR I GENÈVE I REGI AV INTERNATIONAL COMMISSION OF JURISTS (ICJ) OG GENEVA CENTRE FOR THE DEMOCRATIC CONTROL OF ARMED FORCES (DCAF)

Leiaren for utvalet og sekretariatet tok i august 2007 del på eit arbeidsseminar i Genève arrangert av ICJ og DCAF i fellesskap, med deltaking både av tidlegare tilsette i tryggings- og etterretningstenestene, vitskapleg tilsette, dommarar og menneskerettsadvokatar.

Seminaret tok for seg kva rolle tryggings- og etterretningstenestene skal spele, og korleis ein kan gjere tenestene ansvarlege. I tillegg blei behovet for ytterlegare standardar og kontrollmekanismar vurdert med omsyn til den teknologiske utviklinga og auka fullmakter til tenestene som følgje av terrortruselen. Sentralt under diskusjonen stod rolla som internasjonale menneskerettar skal spele, og kva rekkjeverd dei skal ha. Leiaren for utvalet heldt eit innlegg om den norske kontrollordninga, der utfordringar i kontrollverksemda i høve til informasjonsutveksling med utanlandske tenester og den teknologiske utviklinga blei trekt fram.

#### MØTE MED DELEGASJON FRÅ POLEN

Leiaren for utvalet og delar av utvalet hadde i september eit møte med ein delegasjon leidd av den polske innanriksministeren Ludwik Wassermann, som har ansvar for å reorganisere og demokratisere dei hemmelege tenestene i Polen. Leiaren for utvalet orienterte om korleis den parlamentariske kontrollen med dei hemmelege tenestene er innretta her i landet. Delegasjonen tok opp fleire problemstillingar knytte til orienteringa, og var særleg interessert i bakgrunnen for at EOS-utvalet blei oppretta, og korleis kontrollen var innretta i Noreg.

#### MØTE MED FÖRSVARETS UNDERRÄTTELSESÄMND

Leiaren for utvalet og sekretariatet møtte i november leiaren for Försvarets underrättelsesnämnd (FUN) i Sverige. FUN er eit regjeringsoppnemnt kontrollorgan for etterretningstenestene. I møtet blei problemstillingar knytte til internasjonalt samarbeid mellom EOS-tenester og tekniske utfordringar i kontrollen diskutert.

#### MØTE MED PARLAMENTARIKARDELEGASJON FRÅ BOSNIA

Delar av utvalet tok i november imot ein parlamentarikardelegasjon frå Bosnia: The Joint Security and Intelligence Committee of the BiH Parliamentary Assembly. Besøket var initiert av Norsk Utanrikspolitisk Institutt (NUPI), som driv eit prosjekt i Bosnia for å reformere EOS-tenestene og etablere eit kontrollregime. Under besøket blei det lagt inn eit orienteringsmøte med utvalet om den parlamentariske kontrollen med EOS-tenestene. I møtet med utvalet var delegasjonen særleg oppteken av reglane våre for tryggleiksklarering og kontrollen utvalet førte med slike saker. I samband med delegasjonsbesøket blei det i tillegg halde møte med PST, NSM og Etterretningstenesta og kontroll- og konstitusjonskomiteen.

#### MØTE MED SÄKERHETS- OCH INTEGRITETSSKYDDS- NÄMNDEN

Utvalssekretariatet tok i november 2007 imot sekretariatsleiær og kontoransvarleg i Säkerhets- och integritetsskyddsnämnden i Sverige, eit heilt nyoppretta kontrollorgan som først tek til å arbeide i 2008. Formålet deira med besøket var å orientere seg om dei administrative rutinane i utvalet knytte til møte, inspeksjonar og dokumentbehandling.

Säkerhets- och integritetsskyddsnämnden skal vere ein kontrollinstans for SÄPO, og kontrollen deira har ein del trekk som liknar på den kontrollen EOS-utvalet fører med PST. Besøket gav nyttige innspel også for arbeidet i utvalet. Slike kontaktar er svært viktige for å utveksle erfaringar om kontroll-

verksemda. Dette gjeld særleg for kontrollorgan som klart liknar den norske. Kontakten med Säkerhets- och integritetsskyddsnämnden kjem til å bli halden ved lag framover.

#### MØTE MED KANADISKE KONTROLLORGAN

Sekretariatet besøkte i november 2007 det kanadiske kontrollorganet SIRC (Security and Intelligence Review Committee). SIRC er eit uavhengig kontrollorgan for den kanadiske tryggings- og etterretningstenesta og rapporterer til det kanadiske parlamentet. Kontrollorganet blei etablert i 1984 og har lang erfaring. SIRC driv ei kontrollverksemd som i stor grad kan samanliknast med den verksemda utvalet driv.

Formålet med besøket var å bli orientert om og få ei praktisk innføring i arbeidsmetodane kanadiarane bruker i kontrollen sin, og i tillegg å få høyre korleis dei vurderer metodane. SIRC arbeider i stor grad prosjektbasert, og møtet gav sekretariatet nyttig innføring i ein slik arbeidsprosess: kriterium for å velje ut prosjekttema og å planleggje dei enkelte prosjekta, forholdet mellom sekretariatet og komiteen når det gjeld korleis prosjekta skal gjennomførast, og korleis prosjekta blir presenterte for komiteen og i årsmeldinga for kontrollorganet. Prosjektarbeid som arbeidsmetode er nærare omtalt under avsnitt 3 i kapitlet VI.

### III. POLITIETS TRYGGINGSTENESTE (PST)

#### 1. Inspeksjonar, generelt om kontrollen med tenesta

Utvalet har i 2007 gjennomført seks inspeksjonar i Den sentrale eininga (DSE). Det er vidare gjennomført inspeksjon av PST-einingane i Agder, Vest-Oppland, Aust-Finnmark og Gudbrandsdal.

Utvalet har i 2007 fått 18 klager frå enkeltpersonar retta mot PST, mot 14 i 2006. Alle saker er undersøkte sentralt i DSE, og i lokale ledd der utvalet har funne grunn til det. Ei klagesak retta mot PST som utvalet avslutta i 2007, blei også undersøkt i det ordinære politiet på bakgrunn av merknader frå klagen. Det er ikkje funne grunnlag for kritikk i nokon av sakene.

I meldinga for 2006 orienterte utvalet om kva vekt ein skal leggje på krava til konkret vurdering som tryggingslova og offentleglova stiller opp når det blir sett fram krav om innsyn i PST. Dette er føresegner som gjeld for PST sjølv om offentleg innsyn i utgangspunktet ikkje gjeld for journalane og dokumenta i tenesta etter forskrift til offentleglova, og som regelmessig er tryggleiksgradert etter tryggingslova. Utvalet meiner det er grunn til å sjå nærare på desse reglane og korleis tenesta praktiserer dei. Bakgrunnen er at ein del personar som har fått avslag på

innsynskrav til PST, vender seg til utvalet. Også i somme av klagesakene er eit ønske om innsyn eit tema. Utvalet har såleis, i tilknytning til ei konkret klagesak, teke opp med PST og seinare Justisdepartementet korleis ein skal forstå og praktisere reglane i offentleglova og tryggingslova om mest mogleg offentleg innsyn, og om korleis ein skal behandle krav om avgradering. Utvalet vil arbeide vidare med desse spørsmåla i 2008.

På bakgrunn av dei erfaringane utvalet har frå stikkprøvekontrollar i arbeidsregisteret i PST, har utvalet i 2007 teke opp nokre grunnleggjande spørsmål kring korleis tenesta behandlar personopplysningar i registeret. Eit viktig spørsmål i saka har vore om dei krava som er sette opp i PST-instruksen og i retningslinjene for korleis tenesta skal behandle personopplysningar, gjeld ved alle former for registrering i arbeidsregisteret. Eit anna sentralt spørsmål gjaldt kva rutinar PST har for å slette opplysningar i arbeidsregisteret. Saka blir nærare omtalt i avsnitt 3 nedanfor.

Utvalet orienterte i meldinga for 2005 om at det ville leggje større vekt på å få kunnskap om samarbeidsrelasjonane mellom EOS-tenestene og andre offentlege organ på grunn av den verdien kunnskap om slike samarbeidsforhold og grenseflater kan ha for kontrollen med tenestene. Det kan også liggje føre kontrollansvar direkte overfor organ som samarbeider og utvekslar informasjon med tenestene. Utvalet viser i denne samanhengen til at kontrollområdet for utvalet er funksjonelt definert, og det omfattar etter føresegna i kontrollinstruksen § 11 nr. 2 bokstav e også organ eller institusjonar som hjelper PST.

Som eit ledd i dette arbeidet møtte utvalet i 2007 Utlendingsdirektoratet (UDI). I møtet med direktoratet fekk utvalet ei nærare orientering om verksemda generelt og om samarbeidet med PST. Leiinga i direktoratet og leiinga i PST møtest regelmessig for å drøfte problemstillingar som samarbeidet reiser. Direktoratet opplyste at dei arbeider med å formalisere samarbeidet i større grad, bl.a. gjennom skrivne retningslinjer for informasjonsutveksling og kontakt.

UDI understreka at dei vurderer ei sak etter vilkåra i utlendingslova, sjølv om PST skulle ha komme med opplysningar i saka. Vurderinga eller tilrådinga frå PST kan likevel få noko å seie innanfor den skjønsmarginen direktoratet har etter lova. Arbeids- og inkluderingsdepartementet har også høve til å bruke instruksjonsmyndet sitt etter utlendingslova § 38 dersom departementet meiner at gradert informasjon frå PST i ei sak tilseier eit bestemt utfall eller ein bestemt handlingsmåte.

Utvalet vil undersøkje informasjonsutvekslinga mellom PST og UDI nærare.

## **2. Kontrollen med arkiv og register**

### **2.1 Innleiing**

Kontrollen med arkiv og register utgjer ein sentral del av inspeksjonsverksemda som utvalet driv i PST. Utvalet har særleg som oppgåve å sjå til at PST ikkje urettmessig behandlar opplysningar om enkeltpersonar, og å sikre at opplysningane som ikkje lenger er nødvendige og relevante, blir sletta.

Til kvar inspeksjon tek utvalet stikkprøver i arbeidsregistret for tenesta og i saksbehandlings- og journalføringssystemet. Sekretariatet for utvalet førebear inspeksjonen av arkiv og register ved at det gjennomfører ulike typar søk og tek stikkprøver før kvar inspeksjon.

Utvalet har også i 2007 gjennomført regelmessige stikkprøvekontrollar blant arbeidsregistreringar som er førte vidare etter femårsevalueringa. Utvalet kontrollerer at fristen for å revurdere registreringane blir halden, korleis PST praktiserer skjønnsunntaksføresegna, og at grunngevinga for å føre registreringane vidare går fram av arbeidsregisteret. Konsekvensen av vidareføring er at registreringa blir ståande i ytterlegare fem år.

For arbeidsregistreringane er dei viktigaste kontrollpunktene om det er gjort ei konkret og individuell vurdering, både av kvaliteten på dei opplysningane som ligg føre, og av kor fagleg relevante dei er. Utvalet ser på om grunngevinga som blir oppgitt, og dei faktiske opplysningane som ligg til grunn for registreringane, fyller krava i PST-instruksen til at registreringane skal vere knytte til formålet, at dei skal vere nødvendige, og at dei skal ha ein god kvalitet. Som det går fram nedanfor, har utvalet gjennom retningslinjene for å behandle opplysningar i PST fått meir konkrete krav til korleis ein skal behandle opplysningar, og som arkiva og registra i PST skal målast opp mot.

Utvalet har i 2007 teke opp fleire enkeltregistreringar med tenesta. Det er stilt spørsmål både om grunnlaget for registreringane og grunnlaget for å føre dei vidare etter fem år. Tenesta har i somme tilfelle revurdert og sletta registreringane, i andre tilfelle er registreringsgrunnlaget blitt betre klarlagt som følge av undersøkingane, slik at utvalet ikkje har hatt merknader.

### **2.2 Oppheving av innsynslova og makuleringsstoppen for PST**

Innsynsutvalet blei oppnemnt ved kgl. res. 22. desember 1999 for å behandle søknader om innsyn og erstatning etter midlertidig lov om begrenset innsyn i overvåkingspolitiets arkiver og registre 17. desember 1999 nr. 73 (innsynslova). Enkeltpersonar fekk høve til å fremje søknad om innsyn i opplysningar om seg sjølve frå perioden 8. mai 1945 - 8. mai

1996. Søknadsperioden strekte seg frå 1. januar 2000 til 31. desember 2002.

Innsynsutvalet og klagenemnda for behandling av klager over vedtaka i Innsynsutvalet avslutta i 2007 arbeidet sitt og gav 15. januar 2008 frå seg slutt-rapportar til Justisdepartementet. Innsynslova blei oppheva med verknad frå 31. desember 2007. Arkivet til Innsynsutvalet er overført til Riksarkivet.

Justisdepartementet oppheva 26. juni 2007 makuleringsstoppen for PST, som har omfatta dokument registrerte i tenesta i perioden frå 8. mai 1945 til 8. mai 1996, og som har vore grunnlagt i omsynet til arbeidet i Innsynsutvalet. Departementet legg til grunn at tenesta har gått gjennom arkivmaterialet i PST frå denne perioden, slik at materialet no skal overførast til Riksarkivet med mindre tenestegrunnar tilseier at dei skal lagrast i PST. Tenesta har opplyst at det blir arbeidd med å avlevere dokument frå PST til Riksarkivet. Departementet føreset at det blir etablert rutinar som sikrar at PST, Justisdepartementet eller EOS-utvalet får tilgang til materialet dersom dei treng det.

### **2.3      *Interne retningslinjer for å behandle opplysningar i PST***

I Instruks for Politiets sikkerhetstjeneste, fastsett ved kgl. res. 19. august 2005 (PST-instruksen), er det i kapittel IV gitt overordna reglar om og krav til korleis tenesta skal behandle opplysningar. Instruksen § 16 andre ledd pålegg tenesta å utarbeide nærare retningslinjer for korleis opplysningar skal behandlast. Justisdepartementet skal godkjenne retningslinjene.

I meldinga for 2006 orienterte utvalet om at arbeidet med retningslinjene, som har til siktemål å gi utfyllande reglar til PST-instruksen frå 2005, hadde teke lengre tid enn ein hadde rekna med. PST sende over utkastet sitt til Justisdepartementet for godkjenning i november 2006. Først 12. desember 2007 godkjende departementet retningslinjene.

I samsvar med PST-instruksen § 16 første ledd skal retningslinjene supplerast av eit internkontrollsystem i PST, og i kapittel 6 i retningslinjene er det gitt nærare reglar om innhaldet i internkontrollen. PST har opplyst til utvalet at tenesta arbeider med internkontrollsystemet.

Retningslinjene gjeld ifølgje § 1-1 for korleis PST skal behandle opplysningar når tenesta utøver dei førebyggjande oppgåvene sine som er heimla i politilova, og for korleis tenesta behandlar opplysningar i samband med utlendings- og personkontroll. Opplysningar som PST behandlar under etterforsking, fell utanfor. Dette regulerer føresegnene i straffeprosesslova og påtaleinstruksen.

Både PST-instruksen og retningslinjene bruker same terminologi som personopplysningslova. Såleis blir krava i retningslinjene knytte til uttrykket "be-

handling av opplysningar", eit uttrykk som er definert svært vidt og omfattar all elektronisk eller manuell handtering av opplysningar. Ei "arbeidsregistrering" er i § 1-2 nr. 7 definert som "behandling av opplysningar som anses nødvendige for PSTs oppgaveløsning, og som ikke kvalifiserer til opprettelse av eller innleggelse i forebyggende sak".

I retningslinjene kapittel 2 og 3 er det stilt nokså detaljerte krav til formål, nødvendige føresetnader og relevans for dei opplysningane som blir behandla. I § 2-1 er det presisert at ein skal gi opp eit konkret formål med handlinga av opplysningane når det blir oppretta ei førebyggjande sak, eller ved ei arbeidsregistrering. I føresegna om kva kategoriar personar PST kan behandle opplysningar om (§ 3-2), er det stilt opp eit krav om at den enkelte blir merkt med den "rolla" vedkommande har som registrert i arbeidsregisteret, noko som gir ein indikasjon på om ein skal vurdere at handlinga av opplysningar om vedkommande er av positiv eller negativ karakter. For arbeidsregistreringa krev ein i tillegg at det blir formulert ein konkret arbeidshypotese når opplysningane blir behandla første gong. Der skal den faglege vurderinga knytt til krava til formål, nødvendige føresetnader og relevans komme fram, jf. § 3-4.

Opplysningar som PST har behandla, skal ikkje lagrast lenger enn det som er nødvendig ut frå formålet med handlinga, jf. § 3-7. Regelen frå det tidlegare registreringsrundskrivet om gjennomgang av arbeidsregistreringar som ikkje er tilførte nye opplysningar etter fem år, er her ført vidare. Opplysningane skal slettast dersom dei ikkje lenger er nødvendige for formålet. Retningslinjene innfører også omgrepet "sperring", som er oppgitt som eit alternativ for opplysningar som ikkje skal slettast fordi det skal vere mogleg å etterprøve opplysningane (notoritetsom-syn). Slike opplysningar skal lagrast hos Riksarkivet.

Kapittel 4 i retningslinjene om å utlevere opplysningar blir nærare omtalt i avsnitt 4 nedanfor om å utlevere personopplysningar til utanlandske samarbeidande tenester.

Retningslinjene for å behandle opplysningar i PST inneber at regelgrunnlaget for denne heilt sentrale funksjonen i verksemda til PST blir styrkt. Arbeidsregisteret i tenesta er omfattande og inneheld store mengder sensitive personopplysningar. Eit samordna regelverk om korleis registeret skal brukast, er derfor svært viktig.

### **2.4      *Korleis tenesta praktiserer kravet om individuell vurdering for registrering***

Utvalet har i 2007 stilt spørsmål om fleire enkeltregistreringar på grunnlag av funn i stikkprøvekontrollar. Utvalet har peikt på at opplysningane i nokre registreringar ikkje har vore tilstrekkelege til å vurdere kor relevante registreringane er for oppgåvene

PST har, og i andre at tenesta burde ha følgd ei registrering tettare opp for å få avklart f.eks. tilknytninga til eit miljø eller ein organisasjon. Når det gjeld evalueringa av registreringar som har lege i fem år utan at det er tilført ny informasjon, har utvalet i eit større tal tilfelle hatt kritiske merknader til grunngevinga for å føre registreringa vidare. Ei problemstilling som ofte går att, gjeld krava til vurdering der ein person er registrert berre på grunn av tilknytning til ein annan, og der spørsmålet gjerne er om ein må sjå på tilknytninga i seg sjølv som tilstrekkeleg. I 2007 har tenesta sletta eller endra opplysningar om nærare 20 personar frå registeret sitt på grunnlag av spørsmål frå utvalet etter stikkprøvekontrollar.

Som utvalet har gjort greie for i tidlegare årsmeldingar, er kravet til individuell vurdering før tenesta behandlar opplysningar om enkeltpersonar, eit prioritert kontrollområde. I samband med behandlinga av årsmeldinga til utvalet har komiteen understreka at dette er eit viktig felt. Ei individuell vurdering er påkravd frå tenesta for å oppfylle krava til formål, nødvendige føresetnader og relevans, som følgjer av PST-instruksen og dei nye retningslinjene. Det kan sjå ut til at dei nye retningslinjene kjem til å skjerpe krava her ytterlegare gjennom dei krava som blir stilt om at formålet med behandlinga skal vere konkret oppgitt, og kravet om at PST skal formulere ein konkret arbeidshypotese første gongen tenesta behandlar ei arbeidsregistrering, jf. retningslinjene §§ 2-1 og 3-4.

Det generelle inntrykket utvalet har av korleis PST behandlar opplysningar i arbeidsregisteret, er at tenesta arbeider for ei felles forståing av regelverket, og at dei "tersklane" som bør gjelde for å behandle opplysningar om enkeltpersonar i arbeidsregisteret, er etter måten lik i heile tenesta. Det er grunn til å tru at dei nye retningslinjene for korleis tenesta skal behandle opplysningar, kjem til å bidra ytterlegare til dette.

## **2.5      *Kontrollen av emnearkiv og personsaksarkiv***

Også i 2007 har utvalet ført kontroll med emnearkiv og personsaksarkiv i PST. Kontrollen på dette punktet har særleg vore retta mot å sjå etter at tenesta har gått gjennom og sortert ut saker og dokument utan fagleg relevans, og at det materialet som er gjennomgått og førebudd for makulering etter avlevering, er blitt lagra åtskilt frå anna arkivmateriale. Utvalet har ikkje avdekt manglar på dette området i 2007.

Når makuleringsstoppen for PST no er oppheva, skal tenesta både sentralt og i dei enkelte politidistrikta avlevere uaktuelt materiale til Riksarkivet. Utvalet kjem til å halde seg orientert om korleis tenesta arbeider med dette i 2008.

## **2.6      *Lokale arbeidsregister***

På bakgrunn av at PST i mars 2005 etablerte eit felles arbeidsregister som føresette at tenesta avvikla alle tidlegare manuelle og elektroniske arbeidsregister ved avdelingar og i politidistrikta, har utvalet følgd med på dette, særleg ved inspeksjonar i distrikta. Utvalet har tidlegare rapportert om at det somme stader har teke tid å avvikle lokale register.

Utvalet har også i 2007, da det inspiserte eit lokalt PST-ledd, komme over eit lokalt arbeidsregister. Utvalet tok saka opp med DSE, som i svaret til utvalet sa seg lei for at eininga enno ikkje hadde avvikla registeret. DSE opplyste at det etter at arbeidsregisteret SMART blei innført i 2005, blei gitt retningslinjer til politidistrikta om å gå gjennom dei lokale arbeidsregistra med tanke på å overføre relevant informasjon til SMART og setje bort resten for makulering/avlevering. DSE opplyste at dei hadde teke opp den konkrete saka med distriktet.

## **3.      *Registreringsomgrepet og slettingsomgrepet i arbeidsregisteret i PST***

Utvalet har i 2007 skriftleg teke opp med DSE to problemstillingar knytte til behandling av opplysningar i arbeidsregisteret SMART i tenesta. Det eine spørsmålet som blei stilt, var om krava til konkret å vurdere formål, nødvendige føresetnader og relevans o.a. som følgjer av PST-instruksen §§ 13-15, også gjeld for personar som blir omtalte i arbeidsregisteret utan å vere registrerte som objekt. Bakgrunnen for spørsmålet var at det også er enkelt å søkje fram personar som berre er omtalte i registeret. Til dette svarte tenesta:

"Som utvalget er kjent med er registreringsbegrepet innlemmet i det vidare uttrykket 'behandling av opplysninger' i instruks for PST § 12. Dette harmonerer med tradisjonell personvernlovgiving, sml personopplysningsloven § 2 nr 2. De kvalitetskrav som er knyttet til behandling av personopplysninger i instruksens §§ 13 til 15 er således knyttet til behandling av personopplysninger i sin helhet."

På bakgrunn av at tenesta tydeleg klargjer at krava til kvalitet og relevans o.a. gjeld alle personopplysningar i registeret, gav ikkje dette spørsmålet grunn til noko meir oppfølging.

Den andre problemstillinga som blei teken opp, gjaldt slettingsomgrepet i SMART. Det sentrale spørsmålet dreidde seg om skiljet i SMART mellom objekt og omtalte, også førte til at personar som var registrerte som objekt, var omfatta av dei gjeldande reglane om evaluering og eventuell sletting etter fem år. Bakgrunnen var at det ved stikkprøvesøk i arbeidsregisteret på sletta objekt, hadde komme fram tilfelle der personen framleis låg i registeret med den same etterretningsinformasjonen. Til dette uttalte PST bl.a.:

### "Personer omtalt i fritekst i hendelse"

Fra utvalget side blir det pekt på at det kan se ut til at objekter som blir slettet kan fortsette å figurere i registeret, ikke som objekter, men som 'tilknyttet'.

Når det gjelder knytninger ønsker PST å foreta en liten klargjøring av begrepsbruken. Alle objekter som er nevnt i en hendelse skal som en hovedregel knyttes ('tilknyttes') til hendelsen med en rolle. Bakgrunnen for rollebruken er at man ønsker å vise hvilken form for knytning objektet har til hendelsen, noe som vil gjøre bruken av informasjonen lettere ved for eksempel analyser. Objektene kan få tildelt roller som hovedobjekt, omhandlet, vitne, kontakt, osv. Slik vi forstår utvalget retter bekymringen seg mot de objektene hvor tjenesten anser at informasjonen ikke lenger har formål, relevans eller nødvendighet for tjenesten, og som man derfor ønsker å slette. Bekymringen retter seg først og fremst mot de personene som er omtalt i friteksten i en hendelse som fortsatt vil bestå, og som derfor vil fortsette å figurere i friteksten selv om personen er slettet som objekt.

Gruppen personer som utvalget retter sin fokus mot vil falle utenfor listene for 5-års revurdering. Dagens system åpner ikke for å liste ut personer som kun er omtalt i fritekst i hendelse, og kvalitetskontrollen av hendelser som legges inn er derfor viktig. At en person er omtalt i teksten i en hendelse kan ha betydning for innholdet av hendelsen, selv om personen som objekt ikke lenger anses som relevant for tjenesten og derfor er slettet. Så lenge hendelsen er relevant for et annet objekt, noe den må være for ikke å bli slettet, anser vi derfor at det er relevant å ha navnet der slik at man kan se helheten i hendelsen. Dersom man ikke kan beholde navnet i hendelse kan man ende opp i en situasjon hvor hendelsen taper mye av sin verdi også for det/de resterende objektene som er knyttet opp til hendelsen.

Det er et mål for tjenesten å unngå at det blir liggende personinformasjon i SMART som man ikke har bruk for. I bruksplanen for systemet er det heller ikke lagt til rette for bruk av fritekstsøk i hendelsen. For tjenesten vil det heller ikke være av interesse å legge inn relevante objekter som personer i fritekst, da man dermed vil miste mye av den funksjonaliteten systemet er bygget for.

Når det gjelder objekter som blir slettet etter fire-månedesreglen, men hvor personen også er omtalt i friteksten i en hendelse anser vi at så lenge hendelsen er kvalitetssikret og dermed ansett som relevant må det foreligge en åpning for dette, jf. over.

### Generelt

I og med at man arbeider i et etterretningssystem foreligger det nødvendigvis en del personinformasjon også i fritekstfeltet i hendelser. For å få et helhetsbilde av selve hendelsen kan det være relevant å ha noe personinformasjon omtalt i hendelsen selv om man ikke anser at det er relevant for tjenesten å opprette et eget objekt på personen. Det er først når alle objektene som har vært knyttet til hendelsen blir slettet etter 5-årsreglen at også hendelsen og dens innhold anses som ikke relevant og skal slettes. Man vil på denne måten ha kontroll over at personinformasjon ikke blir liggende uten å ha relevans for tjenesten.

Når det gjelder registreringer i SMART anser PST at det er viktig å skille mellom positive og negative registreringer. Med positive registreringer menes

registreringer hvor det ikke hefter noe ved personen/objektet. Dette kan for eksempel være personer som er kilder, meldere osv. PST vil i en del tilfeller ha behov for å registrere denne type personer, men også her ut fra en relevansvurdering. I noen tilfeller vil det være nødvendig å omtale personer i friteksten i en hendelse da dette vil ha betydning for den politifaglige relevansvurderingen av selve hendelsen. Så lenge personene kun fremgår i friteksten anser tjenesten at det ikke hefter noe negativt ved disse personene. Det skal i denne sammenheng bemerkes at skillet mellom positive og negative registreringer ikke er nytt. Skillet eksisterte også under NCR og ble da akseptert."

I avsluttende brev til tenesta hadde utvalet følgende merknader:

"PST-instruksen § 12 nr 1 gir en svært vid definisjon av uttrykket 'behandling av opplysninger'. Enhver innhenting, oppbevaring og videreformidling vil omfattes, også registrering. Etter § 13 nr i bokstav b) kan tjenesten bare behandle opplysninger når det er nødvendig for utførelse av arbeidsoppgavene, og etter § 14 første ledd nr 3 skal tjenesten ikke 'lagre' (dvs behandle) opplysninger lenger enn det som er 'nødvendig ut fra formålet med behandlingen'. Når det gjelder oppbevaringstid og sletting er det ikke gitt andre regler enn dette i instruksen. Slike bestemmelser er imidlertid gitt i de nye retningslinjene (som på dette punktet forstås å erstatte det gamle registreringsrundskrivet for PST).

Retningslinjene benytter, i motsetning til instruksen, begrepet arbeidsregistrering. I § 1-2 nr 7 i retningslinjene er en arbeidsregistrering definert som 'behandling av opplysninger som anses nødvendige for PSTs oppgaveløsning og som ikke kvalifiserer til opprettelse av eller innleggelse i forebyggende sak'. Denne definisjonen synes innholdsmessig lik beskrivelsen av det grunnleggende nødvendighetskriteriet i den nevnte bestemmelsen i instruksens § 13 nr 1 b). I § 3-7 i retningslinjene gis regler om sletting. Det heter i tredje ledd i bestemmelsen at '(A)rbeidsregistreringer som ikke er tilført nye opplysninger etter 5 år skal gjennomgås. Opplysningene skal slettes dersom de ikke lenger er nødvendige for formålet'.

Det er vanskelig å se at ordlyden i disse reglene samlet sett gir anledning til å beholde etterretningsinformasjon om en person etter at han er slettet som objekt, selv om formålet vil være et annet etter at objektet er slettet - nemlig å opprettholde sammenheng og meningsinnhold i hendelser som fortsatt er av faglig relevans. Dersom tjenesten anser at det fortsatt er faglige grunner til å beholde opplysningene (om enn av andre grunner enn å følge med på vedkommende person spesielt), gis det i realiteten uttrykk for at opplysningene ikke skal slettes. Hvis 'arbeidsregistrering' skal forstås som objekt delen av en registrering, i motsetning til den tilknyttede hendelsesinformasjonen, ville det ifht § 3-7 tredje ledd være mulig å opprettholde hendelsesinformasjonen. Men definisjonen tyder ikke på at det har vært meningen, og en slik forståelse synes heller ikke å harmonere med de refererte bestemmelsene i PST-instruksen.

For å illustrere utvalgets forståelse av praksis nevnes som eksempel at dersom A registreres for deltakelse i en voldelig demonstrasjon, vil hans personalia av ymse slag og registreringskategori/rolle fremkomme som objektinformasjon, mens beskrivelsen

av grunnlaget for registreringen vil være hendelsesinformasjon. Slettes A som objekt vil det være ute av registeret at han har vært objekt. Men dersom arrangøren av demonstrasjonen er registrert som objekt og er lenket til samme hendelse (beskrivelsen av As deltakelse i demonstrasjonen), vil den informasjonen bli liggende i registeret inntil arrangøren er slettet.

Slik slettingsrutinene for SMART er lagt opp vil mao opplysninger om en person som er slettet som objekt fortsatt forekomme i alle hendelser der vedkommende er omtalt så lenge det fortsatt er knyttet andre objekter til hendelsen. Opplysningene vil enkelt fortsatt kunne gjenfinnes gjennom søk i hendelser i SMART, og vil kunne forbli lagret i lang tid dersom andre objekter knyttet til samme hendelse fortsetter å være av interesse for tjenesten. Følgelig vil det i mange tilfeller forekomme negative opplysninger om en person i SMART selv etter at tjenesten har kommet til at det ikke lenger er faglig grunnlag for å opprettholde registreringene på vedkommende.

Utvalget vil på denne bakgrunn henstille til tjenesten om å gjennomgå de problemstillingene som er reist, og eventuelt gjøre nødvendige endringer i praksis eller regelverk. Det skal understrekes at utvalget har stor forståelse for de politifaglige argumentene som kan foreligge for å beholde hendelser uendret dersom delvis sletting eller anonymisering går ut over meningsinnholdet. Det er imidlertid av stor betydning for utvalgets kontrollarbeid og rapportering at det er samsvar mellom regelverk og praksis og mellom begrepsbruk og realiteter.

Til slutt under dette punktet skal det også knyttes noen merknader til en litt annen kategori registrerte. Dette gjelder personer som ikke på noe tidspunkt har vært opprettet som objekter i SMART, men som fra innføringen kun er omtalt i friteksten i hendelser. Denne kategorien vil etter tjenestens praksis i dag aldri bli vurdert for sletting. Her kan det i prinsippet tenkes en omgåselsesrisiko ved at man kan fristes til å registrere opplysninger om personer i fritekst (hendelser) uten at det blir opprettet egne objekter på disse, for å unngå slettingsrutinene.

PST opplyser til utvalget at tjenesten ikke anser at det hefter noe negativt ved denne kategorien - de ville i så fall ha vært opprettet som objekter. Til det skal bemerkes at dersom en person ikke opprettes som et eget objekt i SMART vil det i dag ikke fremkomme noen rollebetegnelse som angir om det er en negativ eller positiv registrering. (Hvorvidt dette vil bli endret i og med retningslinjene § 3-2 er uklart). Utvalget har også sett eksempler på registreringer som er av negativ karakter uten at det er opprettet objekt på vedkommende. Det er heller ikke så enkelt bestandig å avgjøre om f.eks. en forbindelse er av negativ karakter. Men hovedsakelig vil det naturligvis i denne kategorien ikke dreie seg om direkte negative eller belastende opplysninger.

Tilsvarende problemstillinger med hensyn til forholdet mellom regelverk og praksis som beskrevet ovenfor gjør seg gjeldende også for denne kategorien."

Utvalet har bede tenesta om ei tilbakemelding.

#### **4. Utlevering av personopplysningar til utanlandske samarbeidande tenester**

Utvalet har i 2007 ført vidare praksisen med å ta regelmessige stikkprøvekontrollar av utlevering av personopplysningar frå DSE til utanlandske samarbeidande tenester. Den etablerte kontrollrutinen inneber at tenesta til kvar inspeksjon i DSE legg fram ei oversikt over det som er utlevert sia førre inspeksjon. Frå oversikta blir det teke ut stikkprøver der utvalet ber om at DSE legg fram alt tilgjengeleg underlagsmateriale som kan kaste lys over bakgrunnen for utleveringa. I 2007 har utvalet i tillegg teke stikkprøver i form av søk på utleverte opplysningar som er journalførte i det elektroniske journalføringssystemet i tenesta.

Stikkprøvekontrollane i 2007 har ikkje gitt grunnlag for kritikk av tenesta. Utvalet har inntrykk av at omfanget av utleveringar framleis er aukande, særleg ser dette ut til å gjelde den bilaterale informasjonsutvekslinga. Samtidig gir tenesta uttrykk for at ho er merksam på dei negative følgjene det kan få å levere ut opplysningar, f.eks. for familie i heimlandet, og generelt sett er tenesta varsam både med kva opplysningar som blir gitt, og til kven. Som det tidlegare er orientert om, har utvalet avgrensa høve til å prøve grunnlaget for utleveringane fordi informasjonstilfanget i mange tilfelle er sparsamt samtidig som vilkåra for utlevering er skjønnsprega. Utvalet går likevel ut frå at det siste er noko endra med dei nye retningslinjene som blir omtalte nedanfor. Tenesta har hjulpet til med informasjon så langt det lèt seg gjere, i enkeltsaker der utvalet ønskjer å gå i djupna.

I retningslinjene for å behandle opplysningar i PST som er nemnde over, er det i kapittel 4 gitt reglar om utlevering av opplysningar frå tenesta. I § 4-1 heiter det følgjande om å levere ut opplysningar til samarbeidspartnarar i andre land:

"Opplysninger kan utleveres til utenlandske samarbeidende politimyndigheter og sikkerhets- eller etterretningstjenester for å avverge eller forebygge straffbare handlinger eller dersom det er nødvendig for å verifisere opplysninger. Slik utlevering skal likevel kun skje etter en vurdering av forholdsmessigheten mellom formålet med utleveringen og konsekvensen for den enkelte."

Retningslinjene innfører eit uttrykkeleg krav om at formålet med å levere ut opplysningane skal stå i forhold til konsekvensen for personen det gjeld. Det følgjer vidare av føresegna at PST, når tenesta vurderer om opplysninga kan utleverast, skal leggje vekt på kva kvalitet opplysninga har, kor viktig ho er, kven ho handlar om, og kven som skal få opplysningane. Tenesta kan berre levere ut uverifiserte opplysningar dersom vesentlege tryggingssyn tilseier det, og tenesta skal gjere merksam på at opplysningane er uverifiserte. Etter § 4-2 skal PST føre ei over-

sikt over opplysningar som tenesta leverer ut, kven som er mottakar av opplysningane, og kvifor opplysningane er leverte ut.

Vilkåra for å levere ut opplysningar frå PST til samarbeidande tenester har ikkje vore nedfelte skriftleg tidlegare, men PST har opplyst til utvalet at praksis til no har vore i samsvar med krava som er formulerte i retningslinjene. Også dei nye reglane er prega av skjønn, men det er regelfesta eit krav om at formålet med å levere ut opplysningane skal stå i forhold til konsekvensane av å levere dei ut, og vurderinga skal knytast til fleire oppreka konkrete moment. Ein må rekne med at reglane kjem til å leggje til rette for ein betre ekstern kontroll.

## 5. Bruk av skjulte tvangsmiddel i PST

Utvalet orienterte i meldinga for 2006 om kontrollen med korleis PST bruker skjulte tvangsmiddel. PST har tilgang til dei same skjulte tvangsmidla som resten av politiet. Typiske tvangsmiddel er kommunikasjonskontroll, romavlytting, ransaking o.a. Endringar i straffeprosesslova og politilova som tok til å gjelde i 2005, gav PST, og resten av politiet, høve til å nytte tvangsmiddel under etterforskning for å avverje straffbare handlingar - og ikkje som tidlegare berre for å oppklare. I tillegg fekk PST som einaste politimakt høve til å bruke tvangsmiddel utanfor etterforskning for å *førebyggje* straffbare handlingar.

Også i 2007 har utvalet ført kontroll med bruken av tvangsmiddel i enkeltsaker. Kontrollen gjeld bl.a. undersøking av det samla informasjonsgrunnlaget tenesta har i enkeltsaker, for å sjå om det er samsvar mellom dette og grunngjevinga for kravet som er framsett til retten. Eit anna viktig kontrollpunkt er å sjå etter at PST nyttar tvangsmiddel i tråd med løyvet frå retten - eit typisk døme er at eit tvangsmiddel ikkje blir brukt utover den tida retten har fastsett. Utvalet ser også på at tiltaket blir avvika dersom føresetnadene fell bort, f.eks. dersom mistanken eller undersøkingsgrunnlaget blir avkrefta. Den samla bruken av tvangsmiddel er også eit kontrollpunkt for utvalet.

Da Stortinget behandla lovforslaget, føresette det at heimelen til å bruke tvangsmiddel *førebyggjande* skulle vere eit svært avgrensa supplement og ein smal tryggleiksventil for PST som berre skulle brukast til å *førebyggje* dei alvorlegaste straffbare handlingane, som terrorhandlingar. Det blei føresett at tenesta alltid skal velje etterforskingsspolet der det er mogleg. Stortinget føresette også ved lovbehandlinga at EOS-utvalet særleg hadde merksemda retta mot korleis tenesta brukte dei nye tvangsmidla.

Kontrollen av korleis tenesta brukte tvangsmiddel i enkeltsaker i 2007, har ikkje gitt grunnlag for å rette kritikk mot PST. Utvalet har likevel sett ein auke i bruken av dei nye heimlane i PST, sjølv om

bruken framleis er varsam. Denne auken gjeld særleg bruk av *førebyggjande* tvangsmiddel. Det er særleg bruk av metodar som kommunikasjonsavlytting og romavlytting som har hatt ein klar auke i *førebyggjande* saker.

Utvalet går ut frå at denne utviklinga kan henge saman med at tenesta i større grad er bevisst på å opprette ei *førebyggjande* sak og ikkje ei etterforskingssak når tenesta i praksis driv med *førebygging*. Grensedraginga mellom avverjande etterforskning og *førebygging* kan vere vanskeleg både juridisk og faktisk. For utvalet er det viktig å føre kontroll med at tenesta ikkje set i verk etterforskning med avverjande tvangsmiddelbruk i saker som i realiteten er *førebyggjande*. På bakgrunn av føresetnaden om at ein skal vere varsam med å bruke *førebyggjande* tvangsmiddel, vil utvalet framleis følgje med på kva løysingar tenesta vel. Sia tvangsmiddelbruk i *førebyggjande* saker krev svakare undersøkingsgrunnlag, vil utvalet også følgje med på at tenesta berre bruker inngripande tvangsmiddel ved å *førebyggje* dei alvorlegaste straffbare handlingane, i samsvar med føresetnaden frå Stortinget. Eit viktig kontrollpunkt i denne samanhengen er om informasjonen som blir gitt til retten, gir eit korrekt bilete av saka.

Ein kontroll av korleis PST bruker skjulte tvangsmiddel, er utfordrande og krev i stor grad at utvalet går inn i enkeltsaker. Vidare er særleg den etterfølgjande kontrollen utvalet gjer av om det er samsvar mellom det samla informasjonsgrunnlaget hos tenesta og kravet som er framsett til retten, svært ressurskrevjande, slik at det berre kan gjerast i avgrensa omfang i den pågåande inspeksjonsverksemda. Utvalet vil vurdere om det er ei meir høveleg kontrollform å undersøkje eit utval av avslutta enkeltsaker i eit prosjekt. Utvalet viser til omtalen av ein slik arbeidsmetode i avsnitt 3 i kapittel VI.

## 6. Samarbeidsoperasjon mellom PST og E-tenesta

Utvalet har i 2007 undersøkt ein samarbeidsoperasjon mellom PST og E-tenesta. Som ledd i undersøkinga er det reist spørsmål om korleis straffeprosessuelle tvangsmiddel blir nytta i ein slik samanheng, og meir generelt om kva reglar som skal nyttast, og kva synsvinkel ein skal leggje til grunn når ein skal overføre ansvar og dele informasjon i fellesoperasjonar som omfattar metodebruk.

Undersøkinga av den konkrete operasjonen er framleis i gang og blir ikkje omtalt nærare her. Men dei undersøkingane som allereie er gjorde, har vist at det er behov for å sjå nærare på regelverkssituasjonen for samarbeidsoperasjonar, særleg knytt til metodebruk. Utvalet har i møte med PST gitt uttrykk for dette og at situasjonen ikkje er tilfredsstillande.

Utvalet meiner at ein bør ta initiativ til ein gjennomgang og ei evaluering av dei regelsetta som er relevante, og som vil kunne komme i bruk ved denne typen samarbeid.

Situasjonen vil ofte vere at openberre effektivitetsomsyn knytte til å ta vare på nasjonale tryggingssaker står mot omsynet til individuell rettstryggleik. Avveginga mellom slike omsyn bør vere avklarte i lov eller anna regelverk så langt det lèt seg gjere, og ikkje vere overlatne til fortolkingar. Utvalet skal etter kontrolllova særleg ha rettstryggleiken for kvar enkelt for auget. I ein uklar regelsituasjon er det ei oppgåve for utvalet å stille spørsmål ved bruk av metodar som grip inn i privatlivet til den enkelte, og det er ei oppgåve utvalet må ta alvorleg, sjølv om det skulle føre til usemje med tenestene. Utvalet har ønskt å presisere at dette er kontrollansvaret, men ønskjer å understreke at forholdet til og kommunikasjonen med tenestene ikkje er problematisk på nokon måte i dag.

Samarbeidsinstruksen for E-tenesta og PST (fastsett ved kgl. res. 13. oktober 2006) har lagt til rette for auka samarbeid og informasjonsutveksling mellom tenestene. Det er også i samsvar med § 1 eit uttrykkelig formål med instruksen. Instruksen presiserer at kvar av tenestene må operere innafør ramma av sitt eige rettsgrunnlag. Slik rettsgrunnlag er utforma i dag, er det i praksis ikkje alltid enkelt å trekkje ei klar grense i ein samarbeidsoperasjon.

## 7. Samarbeidet mellom PST og tollstyresmaktene

Utvalet orienterte i årsmeldinga for 2006 om ei sak som gjaldt samarbeidet mellom PST og tollstyresmaktene. Utvalet hadde teke opp med Toll- og avgiftsdirektoratet somme spørsmål som gjaldt det rettslege grunnlaget for samarbeidet, og om det var råd å etterprøve det. Det blei også stilt spørsmål om to konkrete tollkontrollar som etaten hadde gjennomført på oppmoding frå PST.

Direktoratet uttalte at tollstyresmaktene ikkje har heimel til å gjennomføre tollkontrollar utanfor "tollforvaltningens område", noko som inneber at tollstyresmaktene på sjølvstendig grunnlag vil vurdere om det ligg føre heimel, når det kjem ein førespurnad om bistand frå PST. Direktoratet opplyste at det ikkje låg føre skrivne retningslinjer for samarbeidet med PST eller resten av politiet, men at det var sett ned ei arbeidsgruppe for å greie ut behovet.

Når det gjaldt dei to konkrete tollkontrollane, melde direktoratet frå om at det hadde vist seg at det i ettertid var umogleg å sjå kva informasjon frå PST som hadde vore grunnlaget for å gjennomføre kontrollane. Denne mangelen på notoritet blei kritisert av utvalet, som samtidig varsla at grunnlaget for kontrollane kom til å bli nærare undersøkt i PST.

I 2007 har utvalet følgd opp saka ved å gå etter grunnlaget for dei to førespurnadene frå PST om tollkontroll. I den eine saka kom det fram at PST ikkje har gitt nærare informasjon til tollstyresmaktene om kva saka gjaldt, men at førespurnaden hadde form av eit "tips" til tollvesenet. Da utvalet gjekk gjennom saksdokumenta i PST, kom det ikkje fram noko som gav indikasjonar om at grunnlaget for mistanken som PST hadde, knytte seg til lovgivinga. Derfor bad utvalet om at PST konkretiserte nærare grunnlaget for tipset. PST svarte at personen det blei tipsa om, var i familie med hovudpersonen i ei sak PST hadde som gjaldt mistanke om førebuing av ei terrorhandling i utlandet, og reisa var til det landet der den moglege terrorhandlinga ifølgje etterretningsinformasjonen skulle utførast. PST meinte at vedkommande kunne ha ting i bagasjen som kunne vere eigna til å gjennomføre handlinga.

Da utvalet avslutta saka, peikte det på at det først var i ettertid at tenesta hadde konkretisert eit mistankegrunnlag knytt til tollovgivinga. Utvalet merkte seg at heller ikkje dei opplysningane som til slutt blei gitt, var veldig konkrete - relatert til lovgivinga. Vidare uttalte utvalet:

"Det er etter utvalgets syn et viktig prinsipielt spørsmål hvilke krav til konkret mistankegrunnlag det vil være riktig å stille. Dersom f. eks familietilknytning eller vennsforhold til en person som er i PSTs forebyggende søkelys pga mistanke om terroristtilknytning i seg selv anses tilstrekkelig, vil det faktisk sett gi PST adgang til utenrettslig ransaking av en stor personkrets, om enn bare i forbindelse med grensepassering. En slik praksis ville være vanskelig å kontrollere fordi kriteriene blir svært vage. At ransaking, spesielt av person, er svært integritetskrenkende, tilsier en klarere og bedre kontrollerbar ordning. Det samme gjelder det forhold at PST i alle andre sammenhenger må ha rettens kjennelse for å få gjennomført et slikt inngrep.

Det er riktig som PST fremholder at tollvesenet i tolloven § 12 gir en svært vid og skjønnsmessig adgang til å utføre kontroll. Men bestemmelsen stiller visse krav ved at tollkontrollen skal søke å bringe på det rene om en vare er eller søkes unndratt tollvesenets kontroll. I dette ligger en forutsetning om at det må foreligge indikasjoner på at man er innenfor tollforvaltningens område, og et tips fra politiet bør da til en viss grad konkretiseres. Det er også et poeng i denne sammenheng, som utvalget tidligere har påpekt, at et tips eller en anmodning fra PST vanligvis vil ha stor autoritet. Dette legger et ansvar på tjenesten."

Når det gjaldt den andre tollkontrollen som blei undersøkt, viste det seg at PST hadde henta inn rettsavgjerd for hemmeleg ransaking av bagasjen til den mistenkte. Det kom likevel fram av eit tollnotat, som låg føre i PST, at tollkontrollen var meir omfattande enn det som var heimla i rettsavgjerda. PST opplyste på spørsmål frå utvalet at det før tollkontrollen blei gjennomført eit møte mellom PST og tollvesenet der rettsavgjerda for hemmeleg ransaking av bagasje blei

lagd fram. Representantane for tollvesenet fekk også kopi av rettsavgjerda, PST meinte difor at tollvesenet fekk informasjon om avgrensingane i rettsavgjerda. Toll- og avgiftsdirektoratet opplyste på spørsmål frå utvalet at årsaka til tollkontrollen berre var førespurnaden frå PST, og at det ikkje låg føre andre tollfaglege indikasjonar som grunnlag for å gjennomføre tollkontrollen. Direktoratet vedgjekk som følgje av dette at kontrollen ikkje skulle ha gått utanfor rammene i rettsavgjerda, og sa seg lei for at dei aktuelle personane var utsette for utvida tollkontroll. Vidare skreiv direktoratet at ein det siste året hadde fokusert spesielt på dei problemstillingane utvalet hadde reist, og at det var understreka overfor tollregionane at "man ikkje skal gå utenfor de hjemler for kontrolltiltak som anmodende myndigheter må forholde seg til".

På bakgrunn av utgreiinga frå direktoratet fann ikkje utvalet grunn til å gjere noko meir når det gjaldt den konkrete kontrollen.

Da årsmeldinga for 2006 blei behandla, bad kontroll- og konstitusjonskomiteen utvalet om å følgje opp arbeidet med å lage retningslinjer og komme tilbake til saka med ei orientering. Utvalet har i inspeksjonar i DSE i 2007 blitt orientert om arbeidet, og har også teke det opp med Toll- og avgiftsdirektoratet. Direktoratet har opplyst at det 24. januar 2008 blei underteikna ein samarbeidsavtale mellom PST og direktoratet som bl.a. slår fast at informasjonsutveksling og samarbeid skal skje innanfor heimelsgrunnlaget til partane, og at det skal vere notoritet på informasjonsutvekslinga. Det er likevel ikkje utarbeidd nye retningslinjer enno. I samband med at sakene som det er gjort greie for her, blei avslutta, understreka utvalet både overfor direktoratet og PST kor viktig det er at det blir utarbeidd nærare retningslinjer for det operative samarbeidet.

## **8. Prosedyrane ved oppføring på og sletting frå terrorlista i FN**

FN har sia 2001 gjennom eit eige regime administrert av FNs sanksjonskomité ført ei liste over personar og organisasjonar som høyrer til eller er knytte til Taliban eller Al-Qaida. Listeføring i FNs sanksjonskomité kan gripe sterkt inn overfor kvar enkelt ved at ei listeføring fører til bindande plikt for alle medlemslanda i FN til å fryse finansielle midlar som høyrer til vedkommande. I tillegg kan vedkommande få avgrensa høve til å reise. Det har vore reist kritikk mot prosedyrane både for å føre opp på og slette frå lista, særleg på grunn av manglande høve til å prøve avgjerder om listeføring for domstolane. Utanriksdepartementet har det nasjonale ansvaret for å gjennomføre dei pliktene som listeføringa inneber. Da utvalet innsiperte KRU i 2007, blei det orientert om eit utgreiingsarbeid som er i gang for kva prosedyrar som skal gjelde for å føre opp personar på terrorlista

i FN. Utvalet bad i inspeksjonen om å bli halde orientert om arbeidet. På bakgrunn av dette har utvalet sett seg inn i reglane for listeføring på FN-lista.

Sanksjonskomiteen er sett saman av representantar frå alle dei 15 medlemslanda i Tryggingrådet som har ansvar for å føre tilsyn med gjennomføringa av sanksjonar mot Taliban-regimet i Afghanistan på bakgrunn av støtta frå regimet til Al-Qaida og Osama bin Laden. Oppføring på sanksjonslista krev konsensus frå medlemsstatane om at personen eller føretaket det gjeld, går inn i den personkrinsen sanksjonsregimet omfattar. Alle statar som er medlemmer i FN, kan gjere framlegg om individ, grupper eller føretak som skal førast opp på lista, og det blir i samband med dette ikkje kravd at dei som blir førte opp på lista, er sikta eller dømde.

Sanksjonslista i FN gjeld ikkje for ein avgrensa periode. Sanksjonar skal haldast ved lag så lenge vedkommande står oppført på lista. Alle individ, grupper eller føretak kan søkje om at saka blir vurdert på nytt. Dette kunne tidlegare berre gjerast ved at den det gjaldt, vende seg til nasjonalstaten eller bustadstaten, som så avgjorde om saka skulle fremjast for komiteen. I 2006 blei reglane endra slik at det blei innført eit høve til å rette ei slik oppmoding direkte til FN gjennom eit eige kontaktpunkt. Dette høvet blei etablert som følgje av kritikk som var reist for manglande prosessuelle rettar for private partar, særleg fordi det ikkje var mogleg å komme med kontradiksjon eller høve til å overprøve grunnlaget for vedtaket om listeføring. Også avgjerder om å stryke namn frå sanksjonslista i FN krev konsensus.

I desember 2006 blei Najmuddin Faraj Ahmad (mullah Krekar) oppført på FN-lista. Han er etter det utvalet kjenner til, det einaste individet som oppheld seg i Noreg, og som ved namn er listeført av FNs sanksjonskomité. Utvalet vil i 2008 halde seg orientert om korleis norske styresmakter gjennomfører listeføringar, og kva eventuell plikt styresmaktene har til å gi supplerande opplysningar til FNs sanksjonskomité.

## **IV. NASJONALT TRYGGINGSORGAN (NSM)**

### **1. Inspeksjonar, generelt om kontrollen med tenesta**

Inspeksjonsverksemda i NSM følgjer eit fast mønster. NSM orienterer om den pågåande verksemda i tenesta sia førre inspeksjon, og i tillegg gjerne om eit fagleg tema som blir fastlagt i samband med at inspeksjonen blir førebudd. I samsvar med kontrollinstruksen § 11 nr. 2 b går utvalet ved kvar inspeksjon gjennom alle negative klageavgjerder som er tekne sia førre inspeksjon. Det blir også regelmessig gjennomført stikkprøvekontrollar av ein del ikkje påklaga negative klareringsavgjerder, som NSM på fø-

rehand hentar inn frå det klareringsorganet utvalet ber om. I tillegg inspiserer utvalet det elektroniske saksbehandlingsverktøyet tenesta nyttar for klareringssaker, og utvalet inspiserer dessutan journalane og arkiva i NSM.

Utvalet har i 2007 gjennomført fire inspeksjonar i NSM. Vidare har utvalet inspisert personelltryggingstenesta ved tre klareringsorgan: Forsvarets tryggleiksavdeling (FSA), Fylkesmannen i Vest-Agder og Utanriksdepartementet. Utvalet har i tillegg inspisert etterretnings- og tryggingsfunksjonar i Heimevernet.

Utvalet har i 2007 fått to klager i saker om tryggleiksklarering som er avgjorde av FSA, og ei klage som retta seg mot NSM. I 2006 fekk utvalet to klager i saker om tryggleiksklarering. I ei av sakene frå 2007, som gjaldt saksbehandlinga i FSA, blei det uttalt kritikk.

Tryggleiksklarering er i mange tilfelle eit vilkår for å kunne få eller behalde ei stilling. Ved tilsetjingar i Forsvaret er tryggleiksklarering særleg viktig fordi ein så stor del av stillingane krev klarering. Regelverket om tryggleiksklarering stiller krav om eit konkret klareringsbehov. Dette kravet kan i somme samanhengar skape problem, jf. den saka som er referert i avsnitt 2 nedanfor.

I januar 2006 tok ei endring i tryggingslova til å gjelde som lempa på vilkåra for å klarere utanlandske statsborgarar. Det følgjer no av tryggingslova § 22 at ein "utenlandsk statsborger kan gis sikkerhetskларering etter en vurdering av hjemlandets sikkerhetsmessige betydning og vedkommendes tilknytning til hjemlandet og Norge". Tilknytninga til andre statar er også eit relevant moment ved vurderinga av om ein skal gi tryggleiksklarering til norske statsborgarar, jf. tryggingslova § 21 første ledd bokstav k. Samtidig med lovendringa i 2006 blei det gjennom ei endring av personelltryggleiksforskrifta § 3-3 bestemt at NSM skal utarbeide såkalla landvurderingar som klareringsorgana skal bruke ved tryggleiksklarering av utanlandske statsborgarar og norske statsborgarar med tilknytning til andre statar.

Utvalet har i 2007 fått ei orientering om det arbeidet NSM driv med landvurderingar. Hovudformålet med vurderingane er å gi relevant informasjon til klareringsorgana så dei kan førebu og gjennomføre tryggingssamtalar, og å bidra til dei individuelle risikovurderingane i enkeltsakene. Vurderingane inneheld bl.a. informasjon om politisk system, religion, eksterne relasjonar, interne forhold, forsvar, etterretning, styresett, tilhøvet til Noreg og andre land, kriminalitetsbilette, økonomiske forhold og kva landet har å seie tryggingsmessig. Vurderingane, som skal haldast oppdaterte, blir distribuerte til alle klareringsorgan. Vurderingane skal vere nøytrale i forma, og dei skal berre vere informasjonsbidrag til saksbe-

handlinga i enkeltsaker. Klareringsorgana skal ikkje kunne nekte ein person klarering berre på grunnlag av landvurderinga.

Eit sentralt formål med landvurderingane er å bidra til meir korrekte vurderingar. Utvalet går ut frå at ein vel så stor verdi kan liggje i at dei fremjar likebehandling mellom klareringsorgana, sia det gir eit felles vurderingsgrunnlag på eit område der ein ikkje kan vente at kvart enkelt klareringsorgan sjølv har kompetanse eller kunnskap. Med samfunnsutviklinga aukar også talet på klagesaker der hovudpersonen eller ein som står nær hovudpersonen, er knytt til eit anna land.

## **2. Høve til klarering for personell under omstilling i Forsvaret**

Utvalet refererte i årsmeldinga for 2006 ei klagesak som gjaldt høvet til å bli autorisert for Begrenset når ein mistar tryggleiksklareringa. Tryggingslova slår fast at høvet til å få tilgang til informasjon gradert Konfidensielt eller høgare krev tryggleiksklarering (og etterfølgjande autorisasjon), mens det for tilgang til informasjon på det lågaste graderingsnivået Begrenset berre blir kravd autorisasjon. Vanlegvis er det arbeidsgivar som har mynde til å gi autorisasjon, også i tilfelle der tryggleiksklareringa er kalla tilbake. Personar som er fråtekne tryggleiksklareringa, kan likevel ikkje autoriserast for Begrenset utan at det på førehand er gitt dispensasjon frå klareringsorganet. I saka til klagaren hadde FSA avslått å gi dispensasjon utan nærare grunngiving.

I samband med at klagesaka blei behandla, bad utvalet NSM om å sjå nærare på grunnlaget for dispensasjonsnektinga. Ein slik dispensasjon ville vere avgjerande for om klagaren kunne halde fram i stillinga i Forsvaret. Etter å ha gått gjennom saka på nytt innvilga NSM dispensasjon i mai 2006 slik at klareringsorganet kunne vurdere autorisasjon i saka. Trass i dispensasjonen frå NSM blei spørsmålet om autorisasjon av klagaren ikkje vurdert av arbeidsgivar. Bakgrunnen for dette var at den stillinga klagaren hadde hatt, var lagd ned i samband med ei omorganisering i Forsvaret. Det låg da ikkje føre noko aktuelt autorisasjonsbehov.

Da observasjonstida i vedtaket som var gjort om klareringsnekting for klagaren, gjekk ut i juli 2006, sende Forsvarets personellteneste, som klagaren da var overført til, ein klareringsførespurnad for Hemmelig til FSA. Førespurnaden blei returnert av FSA, som spurde etter behovet for klarering. Forsvarets personellteneste sende da ein ny førespurnad for Konfidensielt. Førespurnaden blei grunngitt med at personen det blei søkt for, var i kategorien "personell utan stilling". Forsvarets personellteneste hadde ingen konkrete jobbtilbod til klagaren, men ønskte å avklare om han i det heile kunne klarerast. Personell-

tenesta hadde erfart at det utan tryggleiksklarering i praksis var nærast umogleg å få omplassert personell i Forsvaret som er utan stilling, og at alternativet da er oppseiing. Førespurnaden om klarering på Konfidensielt nivå blei teken til behandling av FSA. Samtidig varsla FSA at dei ville sjå nærare på det generelle spørsmålet om høve til å klarere personell av denne typen.

Utvalet orienterte om saka i årsmeldinga for 2006 og varsla at det ville halde seg informert om korleis FSA behandla saka vidare. Det gjaldt både det generelle spørsmålet og saka til klagaren. Da kontroll- og konstitusjonskomiteen behandla meldinga, uttalte komiteen at han fann det lite tilfredsstillande at saka enno ikkje var løyst, og bad om å bli orientert om den vidare behandlinga av saka, og om dei generelle spørsmåla knytte til klareringspraksis i samband med årsmeldinga frå utvalet for 2007.

Utvalet har i 2007 følgd opp saka. Som svar på det skriftlege spørsmålet frå utvalet opplyste FSA at klareringsstatusen for klagaren framleis var konfidensielt, men at det var sendt ny klareringsførespurnad for Hemmelig frå Forsvarets personellteneste, grunnlagt med at det ikkje var mogleg å finne jobb til klagaren med ei klarering på Konfidensielt nivå, fordi alle aktuelle stillingar krev klarering for Hemmelig.

Når det gjaldt det generelle spørsmålet knytt til klareringspraksis, skreiv FSA:

"Det pågår ikke noe arbeid i FSA i dag mht. 'det generelle spørsmålet om adgangen til å klarere personell i Forsvaret som er uten stilling'. Etter FSAs vurdering har vi ikke hjemmel for å iverksette personkontroll og klarere personell uten et begrunnet behov for klarering ifm. stilling eller andre oppdrag/annen tjeneste for Forsvaret der man vil kunne få tilgang på skjermingsverdig informasjon. Det vises til sikkerhetsloven § 19, jf. forskrift om personellsikkerhet § 3-1, første ledd. Personell i Forsvaret må etter FSAs vurdering i det minste være innstilt til en stilling hvor det fremgår hvilket klareringsnivå som kreves før det kan være aktuelt å vurdere en anmodning om klarering.

FSA har tidligere behandlet klareringsanmodninger uten at det har foreligget et reelt begrunnet behov. Det kan i denne sammenheng vises til at FPT har ytret behov og ønske om å klarere personell uten stilling da de er pålagt av Forsvarsstaben (FST) å forvalte denne gruppen. Anmodning om klarering på konfidensielt nivå for [klager] ble tatt til behandling av 'prinsipielle' grunner uten at dette er nærmere begrunnet ... FSA vil beklage av vi tidligere har gitt tveetydige signaler og ført en noe uklar praksis vedrørende spørsmålet om klarering av personell uten stilling/uten et begrunnet behov."

I det avsluttande brevet til FSA hadde utvalet følgende merknader:

"Utvalget har etter den redegjørelsen som er gitt fra FPT ikke holdepunkter for å anta at [klager] ved overføringen til Personell uten stilling, ble behandlet

annerledes enn annet personell som fratas sin sikkerhetsklarering. Det spørsmålet som vil bli stående ubesvart i saken, er hvordan [klagerens] stillingsforhold ville ha utviklet seg dersom FSA i juni 2004 hadde innvilget dispensasjonsadgang slik man etter regelverket burde ha gjort, eller dersom NSM av eget tiltak hadde sett på spørsmålet ved behandlingen av [klagerens] klage i klareringssaken.

FSAs behandling av FPTs senere klareringsanmodninger for [klager] har vært preget av den uenighet som foreligger mellom FSA og FPT om hvilket klareringsbehov overtallige i FMO kan anses å ha.

Etter sikkerhetsloven § 19 skal personer som 'vil kunne få' tilgang til skjermingsverdig informasjon, på forhånd sikkerhetsklareres og ved behov autoriseres. Det følger av forarbeidene at uttrykksmåten 'vil kunne få' er valgt for at bestemmelsen skal omfatte personellkategorier som gjennom sitt arbeid er i en posisjon hvor en lett kan skaffe seg slik tilgang. Dette inkluderer eksempelvis renholdspersonell. Bestemmelsen krever derfor ikke at det må dokumenteres at vedkommende 'vil få' tilgang til skjermingsverdig informasjon, men drøftelsen er knyttet til konkrete stillinger slik at forarbeidene ikke kan sies å gi avgjørende veiledning for problemstillingen i denne saken. Imidlertid må det kunne sies at lovens ordlyd - vil kunne få - i alle fall ikke stenger for en videre fortolkning enn at behovet skal være knyttet til én konkret stilling. Bestemmelsen er for øvrig tolket slik at behovet for klarering er tilstrekkelig begrunnet for personer som er innstilt til en stilling. I dette ligger at flere enn den tilsatte vil kunne bli klarert.

Det er riktig som FSA skriver, at personer som ikke har et reelt behov for klarering heller ikke skal sikkerhetsklareres. Det vises for så vidt til personellsikkerhetsforskriften § 3-1 som pålegger klareringsmyndigheten å avvise klareringsanmodninger som ikke er tilstrekkelig begrunnet og dokumentert. Dette kravet er innskjerpet de senere år for å unngå at klareringsinstituttet misbrukes til uhjemlet vandelskontroll av ansatte. Generelt er det derfor grunn til å stille klare krav til klareringsbehovet.

Det er imidlertid vanskelig å se at det kan foreligge noen nevneverdig risiko for denne type misbruk i forbindelse med fremsendelse av klareringsanmodninger for den personellgruppen det her er tale om. Personell uten stilling er etter det utvalget har forstått ansatte i FMO som gjennom omorganiseringer eller av andre grunner har blitt overtallige og som i henhold til lov og avtaleverk har en særlig fortrinnsrett til ledige stillinger i organisasjonen som de er kvalifisert for. Dersom det legges til grunn at det er riktig som FPT skriver, at de fleste stillinger i FMO har klareringsnivå Hemmelig, synes det ikke uten videre urimelig eller i strid med ordlyden i sikkerhetsloven § 19 å si at dette personellet har et tilstrekkelig nært og konkret klareringsbehov til å kunne kreve klarering mens det er under omstilling. Bestemmelsen i sikkerhetsloven § 19 har som et viktig formål å verne enkeltpersoner mot misbruk av instituttet. Manglen på behandling av klareringsanmodninger i tilfeller som skissert ovenfor vil imidlertid være til ulempe for den enkelte person, og vil kunne resultere i oppsigelse.

Det er mulig denne problemstillingen har en annen side, knyttet til hvordan søkere uten klarering behandles i konkurransen med klarerte søkere. Det kan være slik at søkere med gyldig klarering får en enkle-

re og raskere tilsettingsprosess, og i praksis blir foretrukket av den grunn. Det vil i tilfelle være uheldig. Det anses imidlertid ikke nødvendig å undersøke dette spørsmålet nærmere nå, ettersom utvalget anser at klareringsreglene gir rom for å bøte på en slik ulempe, gitt at FPTs opplysning om klareringsnivået er riktig.

Under enhver omstendighet bør det kunne kreves at Forsvarets klareringsmyndighet har en aktiv holdning til å få problemet løst, på den ene eller andre måten. I brevet hit skriver FSA at det ikke pågår noe arbeid omkring denne problemstillingen og det gis inntrykk av at FSA har inntatt sitt standpunkt og ikke anser at det er grunn til å gjøre noe mer. Utvalget vil bemerke at når det gjøres gjeldende at overtallige i FMO hindres i å få effektiv omstilling så lenge de er uten sikkerhetsklarering, burde FSA i det minste ta problemstillingen opp med overordnet fagmyndighet i NSM, eventuelt også med personellmyndigheten. Man kan jo ikke ha en situasjon hvor personellet nektes jobb fordi det mangler klarering, og nektes klare- ring fordi det mangler jobb.

FSA anmodes på denne bakgrunn om å ta de nødvendige initiativ for å få en rask avklaring av det generelle spørsmålet knyttet til klareringsbehov for denne gruppen. Videre forutsetter utvalget at den foreliggende klareringsanmodningen for [klager] blir behandlet uten ytterligere opphold. Det er nå snart to år siden [klagerens] observasjonstid gikk ut, men han har ennå ikke fått ny stilling. Når det gjelder den konkrete vurderingen av hans sak, bemerker utvalget at det ikke uten videre er enkelt å se begrunnelsen for å innvilge klarering for Konfidensielt, men ikke for Hemmelig, dersom vurderingen er knyttet til klare- ringsbehovet."

Utvalet vil følge opp den videre behandlingen både av det generelle spørsmålet om høve til klare- ring for personell under omstilling, og av saka til klagen.

### **3. To saker om brot på dokumenttryggleiken i Forsvaret**

I årsmeldinga for 2006 omtalte utvalet to saker om brot på dokumenttryggleiken i Forsvaret. Sakene blei framstilte for utvalet så omfattande at det kunne tyde på ein systemsvikt når det gjeld regimet i Forsvaret for å ta vare på dokumenttryggleiken. At det tok lang tid før det blei teke tak i dei interne ansvarsforholda, samtidig som utvalet tidlegare har sett i enkeltsaker at enkeltpersonar i Forsvaret er blitt behandla svært strengt ved brot på dokumenttryggleiken, gjorde at det også kunne reisast spørsmål knytte til kravet om likebehandling.

Den første saka gjaldt ein tidlegare offiser som hadde lagra fleire tusen sider graderte dokument i privatbustaden sin. Gjennomgangen av saka viste at det hovudsakleg dreidde seg om dokument graderte Begrenset. Ca. 100 dokument var høgare graderte. I samsvar med forskrift om sikkerhetsadministrasjon har FSA utarbeidd skadevurdering for dokument gradert Konfidensielt eller høgare. Saka er blitt grundig undersøkt, og rutinane som Forsvaret har for doku-

menttryggleik og tryggingsmessig leiing, og spørsmålet om å gjere personell ansvarleg er blitt vurdert i prosessen. Men etter det utvalet fekk opplyst, var det ikkje gjort noka skadevurdering av dokumenta som var graderte Begrenset, sia forskriftsverket til tryggingslova ikkje stiller noko slikt krav for dokument på det lågaste graderingsnivået. Men det var heller ikkje gjort andre analysar knytte til desse dokumenta.

Omfanget gjorde aleine at utvalet fann grunn til å ta opp spørsmålet. Utvalet hadde erfaring med at brot på dokumenttryggleiken også på det lågaste nivået kunne ha alvorlege konsekvensar i enkeltsaker om tryggleiksklarering, og dette gav ikkje godt samsvar med at ein ikkje var oppteken av eventuelle manglar ved dokumentbehandlingsrutinar eller interne kontrollrutinar når så store dokumentmengder var fjerna eller kopierte. Spørsmålet blei teke opp med NSM, som på generelt grunnlag gav uttrykk for at ei omfattande kompromittering av fleire dokument graderte Begrenset samla sett kan ha eit større skadepotensial enn kompromittering av eitt dokument, og at det kunne komme til å få noko å seie for reaksjonen på brot på dokumenttryggleiksreglane. Når det gjaldt den konkrete saka, uttalte NSM:

"Det kan i denne forbindelse opplyses at NSM i brev av 6. juli 2007 har tatt initiativ overfor Forsvarssjefen til en grundig gjennomgang og oppfølging av [saken] som blant annet skal sikre at nødvendige skadebøtende tiltak blir ivarettatt knyttet til informasjonen i de kompromitterte dokumenter og som skal sikre at Norge kan overholde sine forpliktelser iht. NATO-regelverket på en tilfredsstillende måte. Den videre oppfølgingen av saken, herunder prosedyrene for reaksjon ved sikkerhetstruende hendelser er gjennomgått i samarbeid med FSA. Ved kompromittering av store mengder dokumenter gradert Begrenset, bør det etter NSMs mening også gjennomføres en skadevurdering av den samlede informasjonsmengden ... NSM har i nevnte brev anmodet Forsvarssjefen om at en slik vurdering også gjennomføres. Dette følger ikke eksplisitt av kravet til skadevurdering, jf. forskrift om sikkerhetsadministrasjon § 5-2, men NSM anser likevel at hensikten bak regelverkets bestemmelser om skadevurdering tilsier at dette foretas der omfanget av kompromitteringer av dokumenter gradert BÆGRENET er svært omfattende, noe som må sies å være tilfelle i [saken]."

På bakgrunn av svaret frå NSM fann utvalet ikkje grunnlag for å følge opp problemstillinga vidare. Utvalet vil likevel halde seg orientert om det initiativet tenesta har teke overfor Forsvarssjefen.

Den andre saka som blei referert, gjaldt omfattande restansar av graderte dokument som kom fram i samband med at Forsvarets overkommando flytta ut av Huseby leir. Saka gav inntrykk av at Forsvaret har hatt manglande rutinar knytte til dokumenttryggleiken. FSA har gitt utvalet ei orientering om denne saka. Undersøkingane viste at det i dei fleste tilfella har dreidd seg om mangelfulle kontrollrutinar, sia dei

fleste dokumenta anten var returnerte til arkiv eller makulerte, men utan at dette var journalført etter forskrifta. FSA har opplyst at det er sett i gang fleire tiltak for å betre dokumenttryggleiken i Forsvaret, og FSA har sett i gang eit generelt arbeid for å auke medvitet om førebyggjande tryggingsarbeid. I dei sakene der det manglar oversikt over registrerte kopiar, gjer ein framleis undersøkingar. Også denne saka blir framleis følgd opp av NSM.

#### 4. Makuleringsstopp for klareringsorgana

Det blei i 2003 innført mellombels makuleringsstopp for klareringsorgana. Grunnen var at personar som hadde fått innsyn i PST-arkiva, også kunne ha behov for innsyn i dei arkiva som hadde fått informasjon frå PST. Makuleringsstoppen gjaldt for saker i perioden frå 8. mai 1945 til 8. mai 1996. Ved stikkprøvekontroll i saksbehandlingssystemet hos NSM viste det seg at NSM og klareringsorgana praktiserte full makuleringsstopp for alle klareringssaker, også for dokument av nyare dato enn 8. mai 1996.

Utvalet tok saka opp med NSM, som varsla at tenesta ville begynne på arbeidet med å makulere saker med nyare dato enn 8. mai 1996, som skulle følgje dei alminnelege reglane om bevaring og kassasjon i personelltryggleiksforskrifta. Reglane fastset at klareringsorgana skal kassere opplysningar i klareringssaker der bevaringstida er gått ut, noko som inneber at ein skal vurdere å kassere opplysningane når vedkommande ikkje lenger har ei gyldig tryggleiksklarering. Ettersom ein uansett skal ta vare på ei klareringssak i fem år, var klareringssaker oppstått frå 8. mai 1996 og fram til 2002 modne for å vurdere kassasjon. Det var såleis opparbeidd eit større etterslep.

Da utvalet på nytt tok opp saka med NSM eitt år seinare, opplyste tenesta at kassasjonsarbeidet var blitt forseinka på grunn av avgrensa ressursar. Til dette uttalte utvalet i brev til NSM:

"Makuleringsstoppen var begrunnet i at personer som har fått innsyn i PSTs arkiver også kan ha behov for innsyn i de arkiver som har mottatt informasjon fra PST. Materialet er også av historisk verdi. Disse hensynene gjør seg ikke gjeldende for nyere klareringssaker, og av hensyn til enkeltindividet er det av stor viktighet at reglene om kassasjon følges i praksis. I tillegg er opplysninger i en klareringssak av forholdsvis sensitiv karakter og lagring utover det som er nødvendig bør også av den grunn unngås. ..."

NSM skreiv i svar til utvalet at det no var utarbeidd ein kassasjonsplan som blir lagd til grunn for å byggje ned restansane planmessig. Det var ingen grunn til at utvalet skulle følgje opp dette vidare. Makuleringsstoppen for PST blei oppheva 1. januar 2008, jf. avsnitt 2.2 i kapitlet om Politiets tryggingsteneste. Klareringsorgana skal da setje i gang kassasjonsarbeidet også for saker i perioden frå 8.

mai 1945 til 8. mai 1996. Utvalet kjem til å følgje med på dette arbeidet.

#### 5. Kontroll av saksbehandlinga i klareringsaker i Statsbygg

Under inspeksjonen i NSM i august 2007 bad utvalet om å få framlagt ikkje påklaga negative klareringsavgjerder tekne av Statsbygg. På grunnlag av det som kom fram da utvalet gjekk gjennom sakene, stilte utvalet i brev til Statsbygg ein del generelle spørsmål om korleis dei behandla klareringssaker når det gjaldt grunngeving til dei det blei søkt klarering for, intern samtidig grunngeving, saksopplysning og fastsetjing av observasjonstid. På alle desse områda gav stikkprøvene inntrykk av at saksbehandlinga i Statsbygg ikkje var i samsvar med krava i tryggingsslova og personelltryggleiksforskrifta. Utvalet hadde ingen merknader til realitetsavgjerda i nokon av dei sakene som blei gått gjennom.

I svaret sitt vedgjekk Statsbygg at saksbehandlingsrutinane ikkje hadde vore i tråd med krava i regelverket på dei områda som utvalet hadde teke opp. Det var sommaren og hausten 2007 tilført meir ressursar og auka kompetanse til arbeidet med klareringssaker, og praksis blei lagd om. Statsbygg gav ei grundig utgreiing om dette. Etter dette nøgde utvalet seg med å uttale følgjande:

"Begrunnelsesplikten i klareringssaker er viktig av mange grunner. Den skal sikre notoritet og muliggjøre etterprøving gjennom innsynsbegjæringer, ved klage og ekstern kontroll. Men kravet er kanskje aller viktigst for den individuelle vurderingen av sakene. Noe av bakgrunnen for at det ble innført regler om begrunnelsesplikt i klareringssaker ligger nettopp her - ved at det tvinger til en saklig avveining av de ulike hensyn i hver sak. Både den eksterne og den interne begrunnelsen bidrar til dette. Men i særlig grad er den interne begrunnelsen, som omfatter all informasjon i saken, av betydning. Det er grunn til å bemerke at praksis ikke har vært i samsvar med lovens krav på dette punktet. I de to enkeltsakene hvor omspurte heller ikke ble underrettet om avgjørelsen og klageretten, bes underretning og begrunnelse sendt nå, med en forklaring på forsinkelsen. Dermed gis de det gjelder de rettigheter de har krav på. Utvalget vil sette pris på å få tilsendt kopi til orientering. Dersom Statsbygg skulle ha innvending mot å gi underretning og begrunnelse til de omspurte, er det ønskelig med en redegjørelse for det.

Fastsettelse av observasjonstid har til hensikt å gi den enkelte forutberegnelighet med hensyn til når klarering tidligst vil kunne bli gitt - etter ny personkontroll og vurdering. Tilsvarende er observasjonstiden nyttig for arbeidsgiver (autorisasjonsansvarlig), med tanke på disponering av personellet og planlegging av når ny klareringsanmodning eventuelt kan fremsendes. Så vidt skjønnes behandler Statsbygg relativt mange klareringssaker for ansatte i private firmaer. Spesielt for denne kategorien personell antas det å være av betydning at det angis når ny klareringsanmodning kan fremsendes. Observasjonstidens lengde sier noe om alvorligheten av de forhold

dene som begrunner den negative avgjørelsen, og kan ha nytte også av den grunn, dersom fastsettelsen er begrunnet. På denne bakgrunn er det også på dette punktet grunn til å bemerke at Statsbygg ikke har fulgt lovens regler."

## 6. Kontroll av saksbehandlingen i klareringsaker i Justisdepartementet

Til inspeksjonen i NSM i august 2007 bad utvalet også om å få lagt fram ikkje påklaga negative klareringsavgjerd av Justisdepartementet. På grunnlag av saksgjennomgangen stilte utvalet fleire spørsmål til departementet om saksbehandlingen, og det blei bede om ei nærare grunngiving for to realitetsavgjerd.

Det gjekk fram av svaret frå departementet at dei ikkje hadde hatt rutinar for å utarbeide interne samtidige grunngivingar, noko tryggingsslova § 25 siste ledd krev. Praksis hadde vore at saksbehandlarane hadde diskutert sakene munnleg og teke notat i stikkordsform. Notata var ikkje lagde ved sakene. Det blei opplyst at praksis var endra på bakgrunn av brevet frå utvalet. Departementet heldt med ei nærare grunngiving fast på realitetsavgjerdene.

I avsluttande brev til departementet uttalte utvalet følgjande om spørsmålet om plikt til å grunngi:

"Departementets tidligere praksis med bruk av muntlige vurderinger og notater oppfylte ikke kravet i sikkerhetsloven § 25 siste ledd om utarbeidelse av en intern samtidig begrunnelse som skal omfatte 'alle relevante forhold'.

Kravet om skriftlig begrunnelse er kanskje aller viktigst for den individuelle vurderingen av sakene. Noe av bakgrunnen for at begrunnelsesplikt ble innført ligger i at det tvinger til en saklig avveining av de ulike hensyn i hver sak. Det er derfor en viktig regel, som det bemerkes at departementet ikke har fulgt før utvalget tok opp forholdet. På bakgrunn av departementets beklagelse, og opplysningen om at praksis er lagt om, gir forholdet ikke grunn til ytterligere oppfølging."

Om dei to enkeltsakene uttalte utvalet:

"Klareringssak vedrørende [...]"

På bakgrunn av domfellelsene og uoverensstemmelsene mellom registerutskriften og opplysningene i personopplysningsblanketten, finner utvalget ikke grunnlag for å rette avgjørende innvendinger mot departementets vurdering av realitetsavgjørelsen. Men det skal bemerkes at arbeid som politi-tjenestemann erfaringsmessig gir stor risiko for anmeldelser, også grunnløse. Det er derfor, spesielt i slike sammenhenger, grunn til å være varsom med å legge negativ vekt på anmeldte forhold uten nærmere undersøkelser. Alvorligheten av de avgjorte forholdene i saken er også vanskelig å vurdere bare ut fra registeropplysningene. Etter utvalgets syn burde det ha vært foretatt nærmere undersøkelser i saken, ved innhenting av politidokumenter mv eller avholdelse av sikkerhetssamtale.

Det fremgår av NSMs veiledning til personellsikkerhetsforskriften § 4-4 annet ledd, at det ved vurderingen av observasjonstidens lengde 'bør legges vekt på forholdets art og alvorlighet, tid siden forøvelsen, vedkommendes alder på forøvelsestidspunktet, vedkommendes livssituasjon mv'. Siden det ikke er utarbeidet noen intern begrunnelse i saken fra Justisdepartementets side, er det heller ikke mulig å se hvilke vurderinger som er lagt til grunn for fastsettelsen av observasjonstiden. Utvalget er likevel av den oppfatning at den fastsatte observasjonstiden, hensett til saksforholdet, ikke er i samsvar med NSMs og øvrige klareringsmyndigheters praksis. Utvalget er heller ikke kjent med at det hos andre klareringsmyndigheter er etablert noen alminnelig regel om fastsettelse av en observasjonstid på fem år dersom det er 'funn på flere straffbare forhold og minst ett av disse ikke er avgjort', noe departementet omtaler som sin hovedregel. Det at en straffesak ikke er avgjort, kan klarligvis ikke tale for en spesielt lang observasjonstid, ettersom man da ikke kjenner sakens utfall. Bruk av faste regler på dette området er uheldig også fordi det lett vil føre til at sakene ikke vurderes individuelt.

En negativ klareringsavgjørelse er belastende. Når den slik som her blir stående i fem år, øker risikoen for at den kan få betydning for den saken gjelder. Departementet bes på denne bakgrunn vurdere omgjøring av den fastsatte observasjonstiden i medhold av personellsikkerhetsforskriften § 4-1 femte ledd. Utvalget antar at NSM som fagmyndighet vil kunne gi generell veiledning når det gjelder praktiseringen av bestemmelsen om fastsettelse av observasjonstid.

Klareringssak vedrørende [...]

Det opplyses at begrunnelsen for nektelsen var at [...] var ilagt besøksforbud overfor sin tidligere samboer og at han 'var i ferd med å skulle ha et langvarig opphold i utlandet'.

Det fremgår av kilderesultatene at [...] ble ilagt et besøksforbud, men at saken der han var mistenkt for trusler (strl § 227) ble henlagt fordi påtalebegjæringen ble trukket tilbake. Ut fra dokumentene i saken virker det noe uklart hva som var grunnlaget for besøksforbudet. Dette taler etter utvalgets mening for at departementet burde ha innhentet dokumenter fra politiet, jf kravene til opplysning av saken som er fastsatt i sikkerhetsloven § 21 tredje ledd.

Det er videre vanskelig å se at [...] sitt besøk til Marokko i 3 uker i 2007 behøvde å ha noen betydning for hans sikkerhetsmessige skikkethet. Det samme gjelder hans intensjon om å inngå nytte ekteskap med en marokkansk kvinne.

Saken bærer samlet sett preg av å være avgjort på grunnlag av dels usikre og uklare opplysninger. Det er uheldig spesielt fordi saken gjaldt klarering for tilsetting i en stilling, dvs at vedtaket ville være avgjørende for vedkommende yrkessituasjon. I slike saker må det stilles strenge krav til saksbehandlingen. Etter utvalgets syn burde saken ha vært grundigere utredet.

Det er også i denne saken fastsatt en observasjonstid på 5 år, delvis begrunnet i hans intensjon om å inngå ekteskap med en marokkansk kvinne. Et slikt fremtidig forholdet kan vanskelig tillegges betydning ved fastsettelse av observasjonstidens lengde. På denne bakgrunn ber utvalget om at departementet også i denne saken vurderer omgjøring av den fastsatte observasjonstiden etter personellsikkerhetsforskriften § 4-1 femte ledd.

Utvalget imøteser en tilbakemelding på de punktene hvor departementet er bedt om å foreta ytterligere vurderinger i sakene."

## 7. Inspeksjon av personelltryggleikstenesta i Utanriksdepartementet

Utvalet gjennomførte i oktober 2007 inspeksjon av personelltryggleikstenesta i Utanriksdepartementet. Etter inspeksjonen stilte utvalet i brev til departementet bl.a. spørsmål om autorisasjonsregimet departementet hadde for egne tilsette, praksis ved manglende personhistorikk for nærstående med tilknytning til andre stater, og handteringa av det såkalla ad doss-arkivet i departementet.

Departementet gav ei utførleg utgreiing om dei spørsmåla som var stilte. Departementet opplyste at ad doss-arkivet tidlegare var gått gjennom og avvikla, og at alle klareringsrelevante dokument for noverande tilsette var overførte til personelltryggleiksarkivet.

Når det gjaldt ad doss-arkivet, oppmoda utvalet i eit avsluttande brev til departementet om at departementet også gjekk gjennom dei sakene som gjaldt personar som har slutta i departementet, med tanke på makulering i samsvar med personelltryggleiksfor-skrifta §§ 6-8 og 6-9.

I samband med autorisasjonsregimet og praksisen departementet hadde for saker der nærstående har utanlandsk tilknytning, uttalte utvalet:

"Rutiner for autorisasjon av ansatte

Fortsatt manglende etterlevelse av regelverket for autorisasjon av ansatte i UD er etter utvalgets syn kritikkverdig, sett på bakgrunn av de sikkerhetsmessige hensynene som ligger bak autorisasjonsregimet, og den lange tiden som har gått siden forholdet første gang ble påpekt av NSM. På bakgrunn av at UD opplyser å arbeide aktivt for å få et godkjent autorisasjonsregime på plass, har utvalget ikke ytterligere bemerkninger, men forutsetter at departementet overholder fristen NSM har satt for oppfylling av regelverkets krav til autorisasjon.

Nærståendes tilknytning til andre stater

Det følger av personellsikkerhetsforskriften § 3-7 første ledd at det kreves at sikkerhetsmessig relevant informasjon foreligger for de siste 10 år for personer som inngår i personkontrollen. For klarering på Hemmelig nivå vil dette si ektefelle, samboer eller partner, i tillegg til omspurte. Ved opphold i fremmed stat må Norge ha et sikkerhetsmessig samarbeid med landet for at informasjonen som innhentes skal kunne benyttes, jf også § 3-5.

På grunnlag av en 'individuell helhetsvurdering' kan det etter § 3-7 annet ledd likevel gis klarering selv om 10-årskravet ikke er oppfylt. Bestemmelsen sier at det ved vurderingen skal legges vekt på lengden på den manglende personhistorikken, om vedkommende har vært i tjeneste for den norske stat og om manglende historikk skyldes forhold av liten betydning for den sikkerhetsmessige skikketheten. Bestemmelsen er her ikke ment å være uttømmende.

Departementet uttaler at dersom nærståendes manglende personhistorikk skyldes tjeneste for norske myndigheter, humanitære organisasjoner og lignende, vil forholdet ikke føre til nærmere vurdering. Departementet skriver også at nærstående som oppholder seg i utlandet som følge av ektefellens arbeid for norske myndigheter osv, omfattes av praksisen.

Utvalget kan ikke se at det departementet her gir uttrykk for, samsvarer med de kravene som oppstilles i personellsikkerhetsforskriften § 3-7, og heller ikke med det som uttales i NSMs veiledning til bestemmelsen. I veiledningen heter det at nærståendes arbeid for myndigheter og organisasjoner som nevnt 'normalt ikke bør ha betydning' for hovedpersonens sikkerhetsmessige skikkethet. Den situasjon at den nærståendes utenlandsopphold skyldes ektefellens/partnerens arbeid for norske myndigheter osv, er ikke omhandlet i veiledningen.

Utvalget ser de praktiske problemene i forbindelse med utenlandstjeneste dersom man la til grunn en svært streng praktisering av kravet til kontrollerbar personhistorikk for nærstående. Men et grunnleggende krav etter forskriften er at det skal foretas en individuell vurdering av hver enkelt sak, man skal se på om det er forhold knyttet til manglene ved personhistorikken som gir grunn til nærmere undersøkelser. Det må da særlig foretas en vurdering av oppholdets varighet, landets etterretningsmessige trussel mot Norge og dets sikkerhetsmessige betydning samt årsaken til oppholdet i landet. Hvis det er tvil om omspurtes sikkerhetsmessige bevissthet sett i forhold til ektefellens/samboerens/partnerens utenlandsopphold i en stat Norge ikke har sikkerhetsmessig samarbeid med, er det lovens ordning at det normalt bør avholdes sikkerhetssamtale. Det vises til at dette skal gjennomføres i alle saker der det 'ikke anses som åpenbart unødvendig', jf sikkerhetsloven § 21 tredje ledd.

Nærstående som oppholder seg i utlandet som følge av ektefelle/samboer/partners tjeneste for norske myndigheter ol, kan etter utvalgets syn ikke gis noen særbehandling. Også i disse sakene må det foretas en individuell helhetsvurdering før sikkerhetsklarering kan gis. Hvis f eks en ansatt i UD gifter seg med en person fra et land Norge ikke har sikkerhetsmessig samarbeid med og som utgjør en etterretningstrussel mot Norge, må betydningen dette har for omspurtes sikkerhetsmessige skikkethet undergis en vurdering. Dette vil gjelde uavhengig av om omspurte arbeider for den norske stat i Norge eller i utlandet.

Utanriksdepartementets praksis når det gjelder vektleggingen av nærståendes forhold i saker om sikkerhetsklarering synes etter dette ikke å være i samsvar med sikkerhetslovgivningens krav. Utvalget anmoder departementet om å foreta en nærmere vurdering av det som her er uttalt, med sikte på en eventuell omlegging av praksis. For utvalget er likebehandlingsaspektet et viktig poeng i denne saken. Det er problematisk dersom det hos en større klareringsmyndighet etableres en praksis som er mer liberal enn den som ellers følges, med grunnlag i retningslinjer fra sentrale fagmyndigheter - jf for så vidt den siste klagesaken som kommenteres nedenfor. Det skal også bemerkes at det hadde vært naturlig om departementet, på bakgrunn av hvor praktisk denne problemstillingen må være i departementets saker, hadde tatt opp med NSM som fagmyndighet hvordan praksis burde innrettes."

Utvalet kjem til å halde seg orientert om det departementet gjer på desse områda.

## **8. Inspeksjon av etterretnings- og tryggingsfunksjonar i Heimevernet**

Utvalet gjennomførte i januar 2007 inspeksjon av etterretnings- og tryggingsfunksjonar i Heimevernet. Inspeksjonen blei gjennomført i Heimevernsstaben. Utvalet fekk ei orientering om dei oppgåvene Heimevernet har, om organisasjonen og om verksemda i HV-nemndene. Deretter fekk utvalet ei nærare utgreiing om etterretnings- og tryggingsfunksjonar i Heimevernet og om det førebyggjande tryggleiksarbeidet. Arkiv knytte til tryggings- og etterretningsfunksjonar blei inspiserte, medrekna funksjonane som autorisasjonsorgan og oppmodande organ. Inspeksjonen gav ikkje grunnlag for at utvalet skulle følgje opp noko.

## **9. Kontrollen med verksemda i FSA (Forsvarets tryggleiksavdeling)**

### **9.1 Innleiing**

FSA behandla i 2007 om lag 23 000 klareringssaker. Dette utgjer omtrent to tredelar av det totale talet på klareringssaker som årleg blir avgjorde, noko som gjer FSA til det største klareringsorganet i landet. Utvalet har gjennomført tre inspeksjonar i FSA i 2007. Dette vurderer utvalet som nødvendig for å utføre ein tilfredsstillande kontroll.

Kontrollane utvalet har gjennomført, har hovudsakleg retta seg mot FSA som klareringsorgan. Utvalet får lagt fram alle negative klareringsavgjerdar sia siste inspeksjon for å gå gjennom dei. I tillegg inspiserer utvalet arkiv og register i personelltryggleiksavdelinga. Avdelinga behandlar eit høgt tal klareringsførespurnader årleg, og det er derfor eit stort arbeidspress. FSA har i 2007 fokusert på å redusere saksbehandlingstida i desse sakene.

Det generelle inntrykket utvalet har, er at FSA jamleg arbeider med å etablere saksbehandlingsrutinar for å ta vare på krava i tryggingslova, og at saksbehandlinga og dei avgjerdene som blir tekne, jamt over er av god kvalitet. Det ser likevel ut til at FSA bruker tryggleikssamtalar i mindre grad enn andre klareringsorgan. Tryggingslova pålegg klareringsorgana å gjennomføre tryggleikssamtale i alle saker der ein ikkje ser på dette som "åpenbart unødvendig". Regelen er eit utslag av det generelle prinsippet om at forvaltninga skal sjå til at ei sak er så godt opplyst som mogleg før det blir teke avgjerd i saka. Ein tryggleikssamtale kan i mange tilfelle vere viktig som grunnlag for korleis klareringsorganet skal vurdere om vedkommande er tryggingsmessig skikka. Av rasjonaliseringsomsyn prøver FSA i første omgang å avklare tvil ved å hente inn supplerande opp-

lysningar frå andre styresmakter, f.eks. domspapir, eller ved å vende seg til kjelder via telefon. Så framt reglane om å teikne ned osv. informasjon som er henta inn munnleg, og andre saksbehandlingsreglar for informasjonsinnhenting blir følgde, er ein slik praksis heilt i tråd med regelverket. Men utvalet kjem til å følgje med på utviklinga her, sia ein tryggleikssamtale i mange saker ikkje kan erstattast av anna informasjonsinnhenting, og lovordninga er altså at dette skal nyttast i tvilssaker. Tiltak for å få ned saksbehandlingstida bør ikkje gjennomførast på kostnad av rettstryggleiken for den enkelte.

FSA har i tillegg til funksjonen som klareringsorgan også oppgåver knytte til bl.a. tryggingsetterretning i Forsvaret. Det kontrollansvaret utvalet har, omfattar også denne verksemda. FSA har på vegner av Forsvarssjefen oppgåver i høve til å motverke tryggingstruslar knytte til spionasje, sabotasje og terrorhandlingar som kan komme til å ramme verksemda i Forsvaret og tryggleiken til riket. Ei operativ tryggingsavdeling i FSA gjer dette arbeidet. I 2007 har utvalet halde seg orientert om verksemda i avdelinga og inspisert arkiv og register i avdelinga.

### **9.2 Innsynsrett når klareringssaker blir lagde bort**

Utvalet behandla i 2007 ei klage på korleis FSA behandla eit innsynskrav i ei klareringssak.

Klagaren hadde kravd innsyn i saka si, som var blitt lagd bort fordi det ikkje lenger var behov for klarering, men klagaren fekk avslag da FSA meinte at det at saka var lagd bort, ikkje var ei avgjerd som gav rett til innsyn etter tryggingslova § 25a. Ei seinare klage på innsynsnektinga blei avslått av FSA med same grunngiving. FSA lét vere å sende saka til NSM som klageinstans. Også eit nytt innsynskrav frå klagaren blei avslått av FSA med same grunngivinga.

Klagaren bad utvalet sjå på innsynsnektinga til FSA og nektinga av å fremje saka for NSM som klageorgan. Klaga blei lagd fram for FSA, som heldt fast på at det ikkje var teke noka klareringsavgjerd da kravet blei fremja. Klagaren hadde dermed openbert ikkje innsynsrett på det daverande tidspunktet, i samsvar med tryggingslova § 25a, som bestemmer at innsynsretten tek til å gjelde når det er teke "avgjørelse om sikkerhetsklarering". FSA vurderte at det var klart at det å leggje bort ein klareringsførespurnad, ikkje var ei avgjerd om tryggleiksklarering. Men FSA føydde til at ein i ettertid såg at ein av prinsipielle grunnar burde ha sett på avgjerda om å avvise innsynskravet som eit enkeltvedtak i samsvar med forvaltningslova § 2 tredje ledd, og sendt klaga over til NSM.

I brev til FSA skreiv utvalet at både forarbeida til tryggingslova og reelle omsyn talte for å sjå på det at saka blei lagd bort, som ei avgjerd om tryggingskla-

rering. Utvalet viste til at det å leggje bort ei sak kan omfatte mange situasjonstypar der det kan liggje føre behov for innsyn. På den bakgrunnen kunne ein vanskeleg sjå det som openbert at det ikkje låg føre klagerett etter tryggingslova, slik FSA hadde uttalt. Utvalet tok likevel ikkje stilling til spørsmålet, men la det fram for NSM på generelt grunnlag.

Når det gjaldt det at FSA lét vere å sende klaga på innsynsnektinga over til NSM, uttalte utvalet at det trass i at FSA i ettertid vedgjeikk at saka burde ha vore send over, gav grunn til kritikk at FSA over såpass lang tid hadde halde fast ved at klaga ikkje skulle sendast over til klageinstansen. Utvalet viste til at det går fram nokså direkte av tryggingslova og tilvisinga i tryggingslova til forvaltningslova at det ligg føre plikt til å sende over klage til klageinstansen, sjølv om vedtaket i første instans er ei avvisingsavgjerd. Klaga på avgjerda om å nekte innsyn skulle derfor ha vore send over til NSM sjølv om ho blei sedd på som ei avvising eller ei realitetsavgjerd av kravet. Utvalet meinte at saka i alle høve burde ha vore teke opp med NSM som overordna fagorgan fordi spørsmålet om innsynsrett i ei sak som var lagd bort, var ei prinsipiell problemstilling som ikkje var avgjort tidlegare i eit publisert vedtak eller ei publisert fråsegn frå NSM eller FD.

### 9.3 *Saksbehandlingstida i saker om tryggleiks-klarering*

Utvalet gjorde i meldinga for 2006 greie for saksbehandlingstida i FSA i saker der personkontrollen avdekkjer funn i registra, f.eks. i straffesaksregisteret eller i kredittopplysningsregister. Det blei opplyst til utvalet at saksbehandlingstida i den nemnde kategorien (saker med funn) kan bli svært lang, opp til fleire månader. Utvalet var uroa over dette fordi konsekvensane for kvar enkelt kan bli store ved at ein ikkje får høve til å gjennomføre førstegongsteneste som planlagt og eventuell anna utdanning eller karriere i Forsvaret. Komiteen var einig med utvalet i at behandlingstida bør bli kortare og bad om å bli halden orientert om utviklinga.

FSA har i dei inspeksjonane utvalet gjennomførte i 2007, orientert om restansesituasjonen og behandlingstida for ulike saks kategoriar. FSA er tilført auka personellressursar for å korte ned saksbehandlingstida i klareringssaker. I samband med dette har FSA også sett i verk eit prosjekt ved personelltryggleiksavdelinga for å redusere talet på eldre restansar. Prosjektet blei gjennomført i team, ein arbeidsmetode FSA har hatt gode erfaringar med. Det viste seg at dei sakene der avdelinga har hatt lang saksbehandlingstid, ofte har vore vanskelege saker der høvet til å diskutere med andre saksbehandlarar var særleg effektivt. FSA har opplyst at det i prosjektperioden blei

avgjort mange eldre klareringssaker, og at restansesituasjonen har betra seg betydeleg.

FSA har understreka at ein trass i den positive utviklinga framleis har for lang behandlingstid i mange saks kategoriar, men at det blir arbeidd systematisk med dette, blant anna slik at saker som krev raskare behandling, blir sorterte ut og prioriterte. Det vil seie at ein ikkje følgjer eit vilkårslaust rekkjefølgjeprinsipp. Utvalet har i 2007 ikkje sett enkeltsaker der behandlingstida i FSA har ført til problem for personell under førstegongsteneste. Utvalet vil framleis halde seg orientert om utviklinga gjennom inspeksjonar i FSA.

### 9.4 *Inspeksjon av FSA-seksjonen på Jørstadmoen og orienteringsmøte med FK KKIS*

FSAs informasjonstryggleiksavdeling består av seksjon for tryggleiksgodkjenning, seksjon for tryggleiksstøtte og senter for vern av kritisk infrastruktur. Den sistnemnde seksjonen er lokalisert på Jørstadmoen. Delar av ansvarsområdet for seksjonen låg under det tidlegare Hærens samband.

I 2007 gjennomførte utvalet ein inspeksjon av seksjonen på Jørstadmoen. Dette var ein ordinær inspeksjon av eit ytre ledd, men dels også grunnlagt i at utvalet ønskte å få ei orientering om kva slags teknisk utstyr for avlytting/overvaking som blir brukt i Forsvaret. Forutan opplysningar om kva slags utstyr Forsvaret disponerer, er det kontrollmessig interessant å bli informert om kva det blir brukt til, og kva internkontroll som blir ført med bruken. Den teknisk sak-kunnige i utvalet var med under inspeksjonen.

I inspeksjonen fekk utvalet ei orientering om informasjonstryggleiksavdelinga og senter for vern av kritisk infrastruktur, medrekna det operative arbeidet i seksjonen og kva slags utstyr for kommunikasjons- overvaking som finst i Forsvaret, kven som har hand om det, og kva det blir brukt til, i tillegg til kva kontroll som blir ført med bruken av utstyret.

Den operative verksemda ved senter for vern av kritisk infrastruktur fell inn under CND (Computer Network Defence), og går i hovudsak ut på å forsvare informasjonssystema i Forsvaret ved å følgje med på datatrafikken som går over netta. Dette gjer det mogleg å oppdage angrep på informasjonssystema i Forsvaret og å setje i verk tiltak for å hindre dataangrep på bakgrunn av analyse av angrepa. Desse aktivitetane på Forsvarets informasjonssystem liknar på arbeidet som NSM avdeling NorCERT (Norwegian Computer Emergency Response Team) tek hand om for nasjonal kritisk infrastruktur. NorCert har eit tverrsektorielt ansvar for både militær og sivil sektor. Det blei under inspeksjonen opplyst at FSA-seksjonen på Jørstadmoen samarbeider med NorCERT på ein del område.

Inspeksjonen gav ikkje grunnlag for at utvalet skulle følge opp noko.

I samband med inspeksjonen av FSA-seksjonen på Jørstadmoen fekk utvalet også ei orientering om *Forsvarets kompetansesenter for kommando- og kontrollinformasjonssystem (FK KKIS)*, som arbeider med å samordne og utvikle høva til kommunikasjon og datautveksling i Forsvaret. Eitt av områda utvalet bad om å bli orientert om, var etableringa av ei CNO-avdeling (Computer Network Operations) i Forsvaret, som er lagd under FK KKIS. Den offensive delen av CNO-verksemnda inneber inngrep i kommunikasjons- og datanettverk som tilhøyrer andre. Også i dette møtet fekk utvalet hjelp av teknisk sakkunnig.

## V. ETTERRETNINGSTENESTA (E-TENESTA)

### 1. Inspeksjonar, generelt om kontrollen med tenesta

Utvalet har i 2007 gjennomført tre inspeksjonar i Etterretningstenesta sentralt. Stasjonane som tenestene har i Fauske og Kirkenes, er inspiserte. Det er også halde eitt møte i Etterretningstenesta med delar av utvalet.

Utvalet har fått ei klagesak retta mot Etterretningstenesta i 2007. Saka er avslutta utan kritikk. I 2006 fekk ikkje utvalet klager på Etterretningstenesta.

Det blei i meldinga for 2006 orientert om at utvalet i samråd med tenesta hadde avgjort å auke talet på årlege inspeksjonar. Auken til tre inspeksjonar har vore positiv i den forstand at det gir betre kontinuitet for utvalet, noko som er nyttig særleg på det tekniske området.

Kontrollen av tenesta i 2007 har som i dei føregåande åra vore særleg retta mot den tekniske informasjonsinnhentinga som tenesta står for. I 2007 har utvalet også etablert eit kontrollregime for informasjonsførespurnader og informasjonsutleveringar frå Etterretningstenesta til utanlandske samarbeidande tenester.

Utvalet har i 2007 også fokusert på samarbeidet mellom E-tenesta og PST. Innsikt i samarbeidet mellom tenestene er viktig for å kunne føre ein relevant kontroll med verksemnda i dei enkelte tenestene. Instruksen frå 2006 om samarbeid mellom dei to tenestene, som utvalet gjorde greie for i meldinga i fjor, inneber ei oppmoding om auka samarbeid, og har ført til ein viss auke. Auken aktualiserer tidlegare uprøvde spørsmål og problemstillingar knytte til det rettslege grunnlaget for samarbeidet. Utvalet viser til omtalen i avsnitt 4 og 5 nedanfor.

Utvalet har i meldingsåret korrespondert med E-tenesta om ulike problemstillingar knytte til korleis ein skal forstå etterretningstenestelova § 4, som be-

stemmer at E-tenesta "ikke på norsk territorium [skal] overvåke eller på annen fordekt måte innhente informasjon om fysiske eller juridiske personer". Dette har gitt nyttige avklaringar av kva syn tenesta har, på eit generelt plan, og det er med på å skape eit betre grunnlag for å behandle enkeltsaker.

### 2. Kontrollen med den tekniske informasjonsinnhentinga

E-tenesta utviklar kontinuerleg kapasitet og metodikk for teknisk informasjonsinnhenting. Utvalet er også i 2007 blitt halde orientert om arbeidet. I kontrollen med E-tenesta legg utvalet framleis størst vekt på den tekniske innhentingsverksemnda tenesta driv. Utvalet sin teknisk sakkunnige har hjulpet sekretariatet i samband med førebuingane av dei tekniske sidene av inspeksjonane i E-tenesta, og hjulpet utvalet i inspeksjonane. Den sakkunnige har også vore nytta til å gi utvalet eigne orienteringar om tekniske kapasitetar og korleis utvalet på best mogleg måte kan kontrollere bruken av desse.

Det nye saksbehandlings- og analyseverktøyet for å behandle informasjon som E-tenesta samlar inn gjennom den tekniske innhentingsverksemnda, og som utvalet orienterte om i meldinga i fjor, er no ferdigstilt. Men verktøyet blir heile tida oppdatert og vidareutvikla. Systemet legg godt til rette for at tenesta skal kunne drive internkontroll. Under utviklinga av det nye verktøyet har tenesta hatt ein dialog med utvalet om å leggje til rette også for kontrollen frå utvalet. Systemet gjer det mogleg både å forenkle og betre den kontrollen utvalet har av den tekniske informasjonsinnhentinga i regi av tenesta, medrekna grunnlaget for eit innhentingsoppdrag, kva informasjon som er henta inn, og korleis tenesta har behandla informasjonen.

Den sentrale føresegna for kontrollen som utvalet skal ha med den tekniske informasjonsinnhentinga, er forbodet i etterretningstenestelova § 4 mot overvaking eller anna fordekt informasjonsinnhenting på norsk territorium mot norske fysiske eller juridiske personar. Forbodet krev at den tekniske informasjonsinnhentinga i regi av tenesta er innretta slik at norske objekt blir fanga opp og identifiserte så snart nasjonaliteten er klarlagd. Utvalet har eit inspeksjonsregime som er særleg retta mot ein kontroll på dette punktet. For nærare informasjon om dette temaet viser vi til omtalen i meldinga frå i fjor.

Dei kontrollane som er gjennomførte i 2007, har ikkje avdekt tilfelle der forbodet mot innhenting retta mot norske rettssubjekt har vore brote. Utvalet har heller ikkje funne andre kritikkverdige forhold i samband med kontrollen av den tekniske innhentingsverksemnda i Etterretningstenesta, og tenesta har gitt tilfredsstillande svar på spørsmål frå utvalet i inspeksjonsmøta om denne verksemnda.

Kompleksiteten og den stadige nyutviklinga i den tekniske informasjonsinnhentinga gjer det nødvendig å bruke tid og ressursar for å oppretthalde ein relevant og effektiv kontroll. Det dreier seg om store datamengder. Utvalet vil også i 2008 prioritere kontrollen med denne verksemda.

### **3. Informasjonsutveksling med utanlandske samarbeidande tenester**

Utvalet orienterte i meldinga i fjor om informasjonsutvekslinga mellom E-tenesta og utanlandske samarbeidande tenester og om dei vurderingane utvalet har gjort omkring det å etablere kontrollrutinar for denne informasjonsutvekslinga. Da årsmeldinga blei behandla, bad Kontroll- og konstitusjonskomiteen om å bli halden orientert om framdrifta i arbeidet.

I 2007 har utvalet etablert ein kontrollrutine for sambandssystema i tenesta. Kontrollen er i første omgang konsentrert om eitt større sambandssystem innanfor kontraterrorområdet, og er lagd opp slik at utvalet kan gå inn i sambandssystemet og søkje og ta stikkprøver blant meldingar tenesta har sendt. Kontrollrutinen er etablert i dialog med E-tenesta, og tenesta har lagt godt til rette for inspeksjonar frå utvalet også på dette området.

Utvalet har understreka overfor tenesta at dersom det oppstår behov for å gjere unntak frå innsynsretten til utvalet av omsyn til kjeldevernet, skal utvalet orienterast om kva slags informasjon som er halden unna og grunngivinga for unntaket. Utvalet har vidare varsla tenesta om at det kjem til å vurdere regelmessig om kontrollinnretninga er formålstenleg og dekkjande, om det er grunn til å kontrollere sambandssystemet jamleg, og om det er behov for å søkje og ta stikkprøver også i andre samband. Dette er vurderingar utvalet gjerne vil gjere i dialog med tenesta, og tenesta er gjort merksam på det.

Inspeksjonsverksemda på dette feltet har til no ikkje gitt grunnlag for at utvalet skal følgje opp tenesta.

### **4. Politisk godkjenning av metodar og operasjonar**

I årsmeldinga for 2006 refererte utvalet ei prinsipiell sak som hadde vore teken opp med Forsvarsdepartementet. Saka dreidde seg om rekkjevidda av etterretningstenestelova som sjølvstendig heimelsgrunnlag for å bruke inngripande metodar, og om kva det har å seie for om ein metode er lovleg eller ikkje, at metoden er vurdert og godkjend av ansvarlege politiske styresmakter.

Etter at utvalet tok opp saka, vurderte Forsvarsdepartementet problemstillinga grundig, jf. bl.a. omtalen i årsmeldinga for 2006. Departementet gav uttrykk for at politisk godkjenning av nye metodar er nødvendig, og at det å la vere å hente inn godkjen-

ning etter omstenda kan verke inn på spørsmålet om bruken er lovleg. Departementet varsla også at det ville vurdere spørsmålet om det burde utarbeidast skrivne retningslinjer for å sikre ein prosess for politisk godkjenning som er meir synleg og lettare å finne tilbake til, og der ein rettsleg analyse etter omstendet også kan vere med. Det blei gitt uttrykk for at politisk klarering av metodar og operasjonar så langt som råd skal skje skriftleg, slik at ein kan finne tilbake til godkjenninga i tenesta og EOS-utvalet kan kontrollere henne.

I samband med undersøkingar som utvalet har gjort i 2007 av ein samarbeidsoperasjon mellom PST og E-tenesta (saka er omtalt under avsnitt 6 i kapittel III og i avsnitt 5 nedanfor), opplyste E-tenesta at operasjonen var politisk klarert i Forsvarsdepartementet. Tenesta kunne ikkje dokumentere ei stadfesta godkjenning frå departementet i første omgang - operasjonen var berre omtalt i eit internt notat i tenesta, der det var skrive at operasjonen var godkjend i eit møte i departementet. Seinare henta tenesta inn ei stadfesting frå departementet i form av ei handskriven påteikning som stadfesta framstillinga av prosessen frå E-tenesta. Utvalet fann etter dette grunn til å ta saka opp skriftleg med departementet. Det blei stilt spørsmål både om den generelle vurderinga av behovet for rutinar og om godkjenninga av den konkrete operasjonen. Departementet svarte at erfaringane fram til da ikkje hadde avdekt behov for å endre reglane, men at departementet framleis ville fokusere på om dei interne rutinane var gode nok. Om den konkrete saka skreiv departementet at det føresette at den politiske klareringa blei nedteikna av tenesta og lagd ved saka, slik at ho skulle kunne sporast og EOS-utvalet kunne kontrollere henne.

Utvalet skreiv følgjande til departementet:

"Som det er fremholdt i forbindelse med utvalgets tidligere sak om rettslige aspekter ved E-tjenestens virksomhet, er det viktig for utvalgets kontroll med tjenesten at det foreligger klare regler og rutiner for hvordan metoder og operasjoner skal godkjennes politisk, og for dokumentasjon av godkjenningen. Hvor en ny metode eller en etterretningsoperasjon reiser viktige rettslige problemstillinger, har utvalget gitt uttrykk for at det bør fremgå av dokumentasjonen om disse har vært fremme i godkjenningsprosessen.

Problemstillingen blir illustrert ved den konkrete saken som Etterretningstjenesten har redegjort for [...] Av det interne notatet i tjenesten fremkommer det ikke hvilke forhold rundt operasjonen departementet ble informert om i forkant av operasjonen og heller ikke hvilke vurderinger departementet foretok i forbindelse med den politiske klareringen. Først etter at utvalget stilte tjenesten spørsmål om den politiske godkjenningen, er notatet påtegnet en bekreftelse fra departementet om at fremstillingen i notatet er i samsvar med departementets oppfatning av saken.

Utvalget bemerker at det ennå ikke synes å være etablert betryggende rutiner for notoritet og dokumentasjon av den politiske godkjenningsprosessen

av tjenestens metoder og operasjoner. Fremgangsmåten i denne saken stemmer heller ikke med den beskrivelsen av praksis som departementet har gitt uttrykk for i tidligere korrespondanse. [...]

Den aktuelle samarbeidsoperasjonen var så langt utvalget kjenner til av en ny karakter og den reiste til dels vanskelige spørsmål om rettsgrunnlaget. Også av denne grunn bemerker utvalget at det ikke er fremlagt noen annen dokumentasjon av prosessen enn det nevnte notatet.

Utvalget er ikke opptatt av departementsinterne godkjenningsprosedyrer, men av at det etableres betryggende rutiner mellom departementet og tjenesten, slik at det i ettertid, foruten selve godkjenningen, er mulig å se det faktiske grunnlaget for den og - etter omstendighetene - hvilke rettslige problemstillinger som var fremlagt til drøfting."

Utvalet ba departementet om ei tilbakemelding om det generelle spørsmålet om behovet for å innføre bedre rutinar for å ta hand om dei omsyna som det er gjort greie for. På bakgrunn av utvalets merknader skreiv departementet bl.a.:

"Den aktuelle samarbeidsoperasjonen var av tidskritisk karakter. Tidsaspektet tillot ikke en forutgående skriftlig redegjørelse fra E-tjenesten. Sakens ulike aspekter og Forsvarsdepartementets godkjenning ble muntlig drøftet og gitt i et møte i departementet.

Som nevnt i vårt brev til EOS-utvalget [...], forutsatte departementet at departementsgodkjenningen i denne saken ble nedtegnet av tjenesten og lagt på sak, slik at den skulle være sporbar og gjenstand for EOS-utvalgets kontroll. Dette ble gjort, men i ettertid innser departementet at vi i tillegg burde ha formalisert godkjenningen skriftlig, slik at EOS-utvalget ved selvsyn kunne kontrollere at denne forelå uten å ettergå tjenestens egen nedtegnning av at slik godkjenning var gitt.

Våre interne rutiner er endret på dette punkt, slik at departementsgodkjenninger i fremtidige saker som forelegges departementet iht. etterretningsinstruksen § 13, alltid skal formaliseres skriftlig - enten i form av en påtegning på skriftlig redegjørelse/ tilrådning fra E-tjenesten eller i form av at godkjenningen fremgår av eget skriv fra departementet til tjenesten. Også i fremtiden vil det være saker som pga. hasteaspektet må saksbehandles muntlig, slik at formaliseringen nødvendigvis må skje i ettertid."

Departementet tok i brevet også opp enkelte generelle spørsmål, bl.a. om innsyn i godkjenningsprosessen. Denne delen av saka er fortsatt under behandling.

## **5. Samarbeidsoperasjon mellom PST og E-tenesta**

Som det er gjort greie for i avsnitt 6 i kapittel III, har utvalet i 2007 undersøkt ein samarbeidsoperasjon mellom PST og E-tenesta. Undersøkingane overfor E-tenesta gjeld spørsmål knytte til det rettslege grunnlaget for deira del av operasjonen.

Undersøkingane er framleis i gang og blir ikkje omtalte nærare. Når det gjeld E-tenesta, kan det likevel sjå ut til at dei undersøkingane som allereie er gjorde, viser at det lett kan oppstå uklarleik om rekkevidda av det eksisterande rettsgrunnlaget når PST som ei innanlandsk tryggingsteneste går inn i eit operativt samarbeid med E-tenesta som er ei utanlandsetteretningsteneste.

Utvalet meiner at det også for E-tenesta kan vere grunn til å gå gjennom gjeldande regelverk for å kunne vurdere kor formålstenleg og klart regelverket er, målt opp mot denne typen samarbeid. Utvalet ser at situasjonen for E-tenesta skil seg frå situasjonen for PST når det gjeld rettsgrunnlaget, og at særlege omsyn stikk seg fram for denne tenesta. Det synest likevel klart at det endra trusselbiletet og det operative behovet i dag gjer det nødvendig å gå gjennom og evaluere regelverket, jf. avsnittet nedanfor om samarbeidet mellom PST og E-tenesta generelt. Dei undersøkingane som er gjorde, illustrerer dei praktiske problemstillingane som lett oppstår når ein prøver å kople saman to så ulike rettsgrunnlag, og at regelverket for E-tenesta er utforma med bakgrunn i at tenesta er ei utanlandsetteretningsteneste.

Når det gjeld korleis utvalet generelt vurderer kontrollansvaret i ein uklar regelsituasjon, viser vi til det som er uttalt i kapittel III avsnitt 6.

## **6. Generelt om kontrollen av samarbeidet mellom E-tenesta og PST**

Innsyn i samarbeidet mellom E-tenesta og PST er viktig for kva forståing utvalet skal ha av verksemda, og dermed korleis utvalet skal vere i stand til å føre kontroll med tenestene. Informasjonsutvekslinga og samarbeidet mellom PST og E-tenesta følgjer i dag bestemte rutinar. Det er gjennomgåande god notoritet på utveksling av informasjon, noko som er avgjerande for høvet til å føre kontroll.

Utvalet gjennomfører kontrollen ved å be om orienteringar i inspeksjonar i tenestene, og ved stikkprøvekontrollar i arkiv og register på ordinær måte, og i dei særskilde sambanda som er oppretta.

Arbeidsdelinga mellom PST og E-tenesta er i utgangspunktet den enkle at PST har fått ansvaret for truslar knytte til tryggleiken for riket og vitale samfunnsinteresser innanfor landegrensene, mens Etterretningstenesta har eit tilsvarande ansvar overfor den ytre trusselen. Den internasjonale terrortrusselen, der ikkje-statlege aktørar er dominerande, og kommunikasjonsutviklinga har likevel ført til at landegrensene i mindre grad enn før gir ei meningsfylt avgrensing når det gjeld trusselaktørane, og for kommunikasjonsetterretning som metode. Det kan såleis lettare enn før oppstå praktiske avgrensings spørsmål mellom arbeidsområda til tenestene. Ein viktig del av den kontrollen utvalet har med samarbeidet mellom

tenestene, vil vere å sjå til at tenestene ikkje yter hjelp til kvarandre på ein slik måte at det kan innebære at tenestene omgår dei rettslege rammene som er fastsette for dei.

Samarbeidsinstruksen for E-tenesta og PST (fastsett ved kgl. res. 13. oktober 2006) har lagt til rette for auka samarbeid og informasjonsutveksling mellom tenestene. Det er også i samsvar med § 1 eit uttrykkeleg formål med instruksen. Praksis i E-tenesta er vanlegvis at opplysningar om norske borgarar eller utanlandske borgarar som oppheld seg i Noreg, blir sende til PST dersom ein meiner at dei er relevante for PST. Dette kan vere overskotsinformasjon både frå eiga innhenting og frå samarbeidande tenester. Omvendt hender det at PST sender informasjon til E-tenesta om personar som oppheld seg i utlandet. Også dette kan vere overskotsinformasjon frå eiga innhenting eller frå samarbeidande tenester.

I 2007 har E-tenesta og PST orientert utvalet om eit felles analyseprosjekt innanfor kontraterrorarbeidet, der E-tenesta medverkar med analysar knytte til forhold utanfor Noregs grenser og PST med informasjon om forhold i Noreg. Formålet er å effektivisere det førebyggjande arbeidet på området, særleg gjennom auka forståing for trusselen mot Noreg og norske interesser. I prosjektet blir etterretningsopplysningane delte, og tenestene definerer saman etterretningsbehovet. Målet er å utarbeide eit trusselbilette som tenestene er samde om, og som kan gi grunnlag for betre trusselvurderingar til norske styresmakter. Prosjektet har vore i gang i 2007 og held fram i 2008. Utvalet held seg jamleg orientert om prosjektarbeidet, både gjennom å be om utgreiingar om status i prosjektet og ved å ta stikkprøver i dei dokumenta som blir genererte innanfor ramma av prosjektet.

Under omtalen av den nye samarbeidsinstruksen i meldinga for 2006, viste utvalet til at Forsvarsdepartementet og Justisdepartementet med heimel i instruksen § 8 siste ledd har fått mynde til å ta avgjerda om å opprette ei felles eining mellom tenestene for bl.a. å produsere felles trusselvurderingar og andre etterretningsanalysar i relasjon til internasjonal terrorisme.

Utvalet er orientert om at ei felles analyseeining mellom E-tenesta og PST skal vere operativ frå 2. januar 2008. Det er utarbeidd eigne, ugraderte retningslinjer for eininga, som kjem til å bli sett saman når det trengst. Tenestene vil i fellesskap og på grunnlag av den informasjonen kvar teneste har hand om, gjere greie for aktuelle trusselsituasjonar. Etter dei retningslinjene som er fastsette, er det ikkje ein del av oppgåva for analyseeininga å tilrå tryggingstiltak. Slike tilrådingar er eit ansvar for PST aleine, sjølv om grunnlaget er ei felles trusselframstilling. I første omgang er det bestemt at analyseeininga skal vere ei prøveordning i to år. Det er i ret-

ningslinjene føresett at arbeidet blir godt dokumentert, både av omsyn til at EOS-utvalet skal kontrollere det etterpå, og for å kunne evaluere arbeidet i eininga.

Tenestene ser ut til å vere bevisste på dei problemstillingane som kan oppstå når dei samarbeider, bl.a. når det gjeld grensene for arbeidsoppgåver og fullmakter som tenestene har, og behovet for notoritet i det operative samarbeidet. Samarbeidsinstruksen § 2 krev at samarbeidet mellom tenestene skjer innanfor heimelsgrunnlaget for kvar teneste. Dette inneber at ein må vurdere legaliteten i det operative samarbeidet konkret, noko tenestene også har opplyst til utvalet at dei gjer i praksis. Men at dette er eit vanskeleg område, illustrerer dei problemstillingane som er omtalte i avsnitt 5.

Utvalet vil i 2008 føre vidare den kontrollen som det i dag har med samarbeidet og informasjonsutvekslinga mellom tenestene.

## **VI. GENERELT OM KONTROLLVERKSEMMA**

### **1. Ulovlege fangetransportar (extraordinary rendition)**

Utvalet orienterte i meldinga i fjor om undersøkingar som var gjorde av om det var mogleg at PST og E-tenesta hadde kjennskap til eventuell bruk av norske flyplassar til ulovlege fangetransportar utførte av amerikanske styresmakter (ein praksis som er blitt kjend under nemninga "extraordinary rendition"). Bakgrunnen for undersøkingane var at amerikanske styresmakter i 2006 stadfesta ein slik praksis, og det var spekulasjonar i media om at også norske flyplassar var nytta til slike transportar. Undersøkingane utvalet gjorde, gav ikkje haldepunkt for å tru at tenestene kunne vere involverte i eller ha kjennskap til ei slik verksemd. Men det stod som uklart kva informasjon norske luftfartsstyresmakter får når utanlandske fly bruker norske flyplassar.

Etter dei opplysningane utvalet har fått i Luftfartstilsynet og Avinor, er den informasjonen norske luftfartsstyresmakter får når utanlandske fly bruker norsk luftrom og norske flyplassar, svært avgrensa. Informasjon som blir gitt i slike samanhengar, er knytt til flytryggleik og innkrevjing av avgifter, og omfattar bl.a. kva registreringsnummer flyet har. Men luftfartsstyresmaktene får f.eks. ikkje passasjerlister eller informasjon om kva type flyging det dreier seg om eller liknande. Dei undersøkingane utvalet gjennomførte, har ikkje gitt grunn til å tru at norske luftfartsstyresmakter får kunnskap som gjer dei i stand til å identifisera flygingar av denne karakteren.

## 2. Forholdet mellom EOS-tenestene og den private tryggingsbransjen

Dei siste åra har det skjedd ei utvikling også her i landet der det har vakse fram private tryggingsselskap som tilbyr fleire tenester innanfor trygging og etterretning, f.eks. avlytting, spaning, gisselforhandling og livvakttenester. Internasjonalt har konkurranseutsetjing av offentlege tenester også nådd somme oppgåver innanfor politiet, og etter kvart også det militære ansvarsområdet. I Noreg ser det ut til at utviklingstrekk er dei same.

Både politiet og Forsvaret, ved FSA, er merksame på utviklinga og har det siste året undersøkt utviklinga innanfor ansvarsområda sine og utarbeidd analysar og rapportar om problemstillingar knytt til verksemda i den private tryggingsbransjen og grenseområda mellom denne bransjen og dei organiserte tenestene.

Også for kontrollen med EOS-tenestene kan denne utviklinga reise problemstillingar ved at utvalet skal kontrollere "etterretnings-, overvåkings- og sikkerhetstjeneste som utføres av den offentlige forvaltning eller under styring av eller på oppdrag fra denne". Utvalet har henta inn og gått gjennom dei nemnde rapportane som er utarbeidde, og vil følgje utviklinga nøye framover.

## 3. Om prosjektarbeid som metode

Utvalet har ein arbeidsmåte som i stor grad er bestemt av føresegnene i kontrollinstruksen om inspeksjonsstader og inspeksjonstakt. Arbeidet med å førebu og gjennomføre inspeksjonar og å behandle interne saker i utvalet tek det meste av tida til utvalet og sekretariatet.

Det pågåande arbeidet gir ikkje høve til meir planmessige undersøkingar av enkeltsaker eller enkeltområde. Slike undersøkingar kan det vere behov for på fleire område, fordi det gir utvalet eit tryggare grunnlag for dei vurderingane utvalet gjer. Dette kan dreie seg om enkeltsaker eller metodebruk i tenestene, tema dei arbeider med, eller f.eks. korleis tenestene praktiserer regelverket på bestemte område. Eit aktuelt prosjekttema i PST er bruken av skjulte tvangsmiddel i tenesta. Relatert til kontrollen med NSM kan det vere behov for å sjå nærare på praktiseringa av føresegnene i tryggingsslova med forskrifter når det gjeld tryggleiksgradering av informasjon. Når det gjeld E-tenesta, er samarbeidet og utvekslinga av informasjon med PST eit aktuelt område.

"Innføring av prosjektbasert arbeid er i stor grad eit ressurs spørsmål fordi arbeidet må komme i tillegg til det jamne arbeidet knytt til inspeksjonar og møte. Utvalet vil i første omgang prøve ut denne arbeids-

måten i avgrensa omfang og i samråd med tenestene for å minimalisere ressursbruken deira i ein slik samanheng. På bakgrunn av dei erfaringane som blir hausta når det gjeld nytta av denne typen undersøkingar, samanlikna med ressursane som blir kravd, vil utvalet vurdere om det er ei arbeidsform som bør bli ein fast del av kontrollverksemda.

Utvalet vil i neste årsmelding orientere om dei erfaringane som blir gjorde.

## 4. Internasjonalt arbeid og arbeidet overfor allmenta

Utvalet har i tidlegare meldingar gjort greie for auken i det internasjonale samarbeidet mellom tryggingss- og etterretningstenester i arbeidet mot internasjonal terrorisme.

Denne utviklinga utgjør ei stor utfordring for kontrollutvala i dei fleste land. Det internasjonale etterretningssamarbeidet reknast av tenestene som særst sensitivt, og kontrollorgana må respektere at informasjon frå utanlandske tenester normalt vert halden utanfor innsyn. Trass i slike avgrensingar er det mykje kontrollutvala i dei ulike landa kan lære av kvarandre. Som i alle tilfelle av internasjonalt samarbeid, gir det mest utbytte å samarbeide med kontrollutval frå land med noko likearta ordningar, som f.eks. Canada, Nederland, Belgia, Sverige og Storbritannia.

Også organisasjonen Geneva Centre for the Democratic Control of Armed Forces (DCAF) er ein god samarbeidspartnar.

Utvalet vil i 2008 halde fram samarbeidet med DCAF, og planlegg ein internasjonal konferanse i Oslo hausten 2008. Også det prosjektbaserte arbeidet som er nemnt over, skal utviklast ved å utveksle erfaringar med utvala i andre land.

Det ligg i saksnaturen at arbeidet i EOS-utvalet ikkje er særleg tilgjengeleg for allmenta, delvis fordi det er teieplikt for store delar av arbeidet. Det er likevel mange sider ved verksemda som kan diskutast i det offentlege rommet, og som blir diskuterte i internasjonale fora. Utvalet vil her nemne balansen mellom tryggingsspolitiske avvegingar og den rettstryggleiken individet skal ha i eit demokrati. I det internasjonale samarbeidet er det av stor verdi at årsmeldingane til utvalet ligg føre på engelsk, og utvalet vil frå i år omsetje årsmeldinga. Eit siktemål er òg at meldingane kan bli publisert på nettsidene for utvalet i ein noko meir tilgjengeleg form enn til no. Utvalet vurderer også å følgje eksempelet frå Sverige og omsetje orienteringa om utvalet og eventuelt regelverket til aktuelle minoritetsspråk.

**VII. ADMINISTRATIVE FORHOLD****1. Budsjett og rekneskap m.m.**

Utgiftene for utvalet i 2007 har vore 6 070 696 kroner mot budsjett inkludert overføring på 6 193 000 kroner.

Utvalet flytta i midten av desember inn i nye lokale i Akersgata 8, inngang frå Tollbugata. Hovudårsakene til flyttinga var plassmangel og redusert tryggleik i dei tidlegare lokala i nedre Vollgate 5-7.

**2. Personale**

Sekretariatet i utvalet er sett saman av sekretariatsleiar Hakon Huus-Hansen, juridisk rådgivar Henrik Magnusson, juridisk rådgivar Ingeborg Skonnord og førstekonsulent Lise Enberget, som har ansvaret for administrative gjeremål. Utvalsleiaren arbeider på deltid for utvalet.

Oslo, 12. mars 2008

**Helga Hernes**

**Svein Grønnern**

**Kjersti Graver**

**Trygve Harvold**

**Knut Hanselmann**

**Gunhild Øyangen**

**Theo Koritzinsky**

---

**Hakon Huus-Hansen**

## **Vedlegg 1**

### **ORIENTERING OM EOS-UTVALET**

#### **Kva er EOS-utvalet?**

EOS-utvalet er eit permanent kontrollorgan for det som i daglegtale ofte blir kalla "dei hemmelege tenestene". Utvalet fører kontinuerleg kontroll med Politiets tryggingsteneste, Nasjonalt tryggingsorgan og Etterretningstenesta. Ei fellesnemning som er vanleg å bruke, er "EOS-tenestene".

Kontrollordninga er uavhengig av EOS-tenestene og forvaltninga elles. Stortinget vel medlemmene i utvalet, og utvalet rapporterer til Stortinget - i form av årsmeldingar og særskilde meldingar. Ordninga blei etablert i 1996.

Den pågåande kontrollen blir utført ved regelmessige inspeksjonar av EOS-tenestene, både sentralt og på dei enkelte tenestestadene. Utvalet behandlar også klager frå enkeltpersonar og organisasjonar som meiner at EOS-tenestene har gjort urett mot dei.

Stortinget har gitt ei eiga lov og ein eigen instruks for utvalet, som er teken inn i vedlegg 2 og 3 til årsmeldinga.

#### **Oppnemning og samansetjing av utvalet**

EOS-utvalet har sju medlemmer, medrekna leiar og nestleiar. Stortinget i plenum vel medlemmene etter innstilling frå Stortingets presidentskap. Funksjonsperioden er normalt fem år. Medlemmene kan oppnemnast igjen. Det blir ikkje oppnemnt varamedlemmer.

Utvalet gjer arbeidet sitt uavhengig av Stortinget, og stortingsrepresentantar kan ikkje samtidig vere medlemmer i utvalet. Stortinget har lagt vekt på at utvalet bør vere breitt sett saman, der både politisk erfaringsbakgrunn og erfaring frå andre samfunnsområde er representerte. Nedafor gir vi ein kort presentasjon av utvalsmedlemmene i dag:

#### ***Helga Hernes, utvalsleiar***

Seniorrådgivar i PRIO, tidlegare forskingsleiar ved Institutt for samfunnsforskning 1984-1988 og 1989-1990, statssekretær (Ap) Utanriksdepartementet 1988-1989 og 1990-1993, direktør CICERO, UiO 1993-1996, ambassadør til Wien og Bern 1996-2005. Vald inn i utvalet 8. juni 2006. Funksjonsperioden går ut 30. juni 2009.

#### ***Svein Grønnern, nestleiar***

Generalsekretær for SOS-barnebyer i Noreg, tidlegare generalsekretær i Høgre. Vald inn i utvalet 6. juni 1996. Funksjonsperioden går ut 30. juni 2011.

#### ***Kjersti Graver, utvalsmedlem***

Lagdommar i Borgarting lagmannsrett, tidlegare forbrukarombod. Vald inn i utvalet 19. mai 1998. Funksjonsperioden går ut 30. juni 2009.

#### ***Trygve Harvold, utvalsmedlem***

Direktør i Lovdata. Vald inn i utvalet 7. november 2003. Funksjonsperioden går ut 30. juni 2011.

#### ***Gunhild Øyangen, utvalsmedlem***

Tidlegare stortingsrepresentant og statsråd (Ap). Vald inn i utvalet 8. juni 2006. Funksjonsperioden går ut 30. juni 2011.

#### ***Knut Hanselmann, utvalsmedlem***

Ordførar i Askøy kommune. Tidlegare stortingsrepresentant (Frp). Vald inn i utvalet 8. juni 2006. Funksjonsperioden går ut 30. juni 2011.

#### ***Theo Koritzinsky, utvalsmedlem***

Førsteamanuensis i samfunnsfag ved Høgskolen i Oslo, tidlegare stortingsrepresentant og partileiar i SV. Vald inn i utvalet 1. juli 2007. Funksjonsperioden går ut 30. juni 2009.

Administrasjonen for utvalet er sett saman av utvalsleiaren, ein sekretariatsleiar, to juridiske rådgivarar og ein administrativt tilsett førstekonsulent.

Alle medlemmene av utvalet og tilsette i sekretariatet er tryggleiksklarerte for høgaste vernegrad etter nasjonale reglar og NATO-reglar.

#### **Kontrollområdet og formålet med kontrollen**

Utvalet har som oppgåve å kontrollere etterrettings-, overvåkings- og tryggingsteneste som blir utført eller styrt av offentlege styresmakter, og som har til formål å ta vare på nasjonale tryggleiksinteresser ("tryggleiken til riket"). Etterrettings-, overvåkings- og tryggingsteneste som har andre formål, for eksempel den alminnelege kriminaletterretninga og trafikkovervakinga drivne av politiet, blir ikkje omfatta av kontrollområdet.

Kontrollområdet er ikkje knytt til bestemte organisatoriske einingar. Det er derfor ikkje avgjerande for kontrollorganet kva organ eller etatar som til kvar tid driv EOS-teneste. I dag er desse oppgåvene lagde til Politiets tryggingsteneste, Nasjonalt tryggingsorgan og Etterretningstenesta. Følgjeleg er det også i desse tenestene utvalet i dag fører den jamlege kont-

rollen sin. Men utvalet kan også gjere undersøkingar i andre delar av forvaltninga dersom ein ser det som tenleg for å klarleggje saksforhold. Overordna påtalemynd, det vil seie statsadvokatane og riksadvokatane, er likevel haldne utafor kontrollområdet.

Formålet med kontrollen er først og fremst å sjå til at rettstryggleiken for kvar enkelt blir teken vare på. Utvalet skal klarleggje om og førebyggje at det blir gjort urett mot nokon, og dessutan sjå til at EOS-tenestene ikkje bruker middel som grip meir enn det som er nødvendig etter forholda. Utvalet er også pålagt å føre ein generell kontroll med at EOS-tenestene held verksemda si innanfor dei rammene som er fastsette i lov og anna regelverk.

Kontrolloppgåva omfattar ikkje verksemd som vedkjem personar som ikkje er busette i Noreg, og organisasjonar som ikkje held til her. Tilsvarande unntak er gjorde for verksemd som vedkjem utlendingar når opphaldet deira i Noreg er knytt til teneste for framande statar. Dette unntaket er særleg mynta på diplomatisk personell. Utvalet kan likevel kontrollere innanfor desse områda dersom særlege grunnar skulle tilseie det.

### Kva utvalet kan gjere

Utvalet kan seie meininga si om saker eller forhold som det undersøker som ledd i kontrollverksmda, og gi tilrådingar til EOS-tenestene, for eksempel om at ei sak bør takast opp igjen, eller at eit tiltak eller ein praksis bør avviklast. Men utvalet har ikkje instruksjonsmynde eller vedtaksmynde overfor tenestene.

I meldingane sine til Stortinget om kontrollverksmda kan utvalet gjere merksam på forhold eller problemstillingar i EOS-tenestene meiner er av aktuell interesse. Det gir Stortinget grunnlag for å vurdere om det for eksempel bør endre praksis eller regelverk.

Utvalet har ein vid innsynsrett i forvaltningsarkiva- og registra, og ein tilsvarande vid tilgangsrett til alle typar lokale og installasjonar som forvaltninga rår over. Dette er nødvendig for at utvalet skal kunne utføre kontrolloppgåva. Utvalet kan kalle inn tilsette i EOS-tenestene og forvaltninga elles, og privatpersonar, for å forklare seg munnleg for utvalet. Utvalet kan også krevje bevisopptak for domstolane. Det er vidare høve til å bruke sakkunnig hjelp i kontrollverksmda der utvalet meiner at det er formålstenleg. Dette blir til ein viss grad gjort innanfor data- og telekommunikasjon, særleg i kontrollen av Etterretningstenesta.

Utvalet utøver kontroll på to måtar - gjennom inspeksjonsverksmda og gjennom å behandle klagesaker og saker som utvalet sjølv tek opp.

### Inspeksjonsverksmda

Utvalet inspisierer hovudkontoret til Politiets tryggingsteneste seks gonger i året, Nasjonalt tryggingsorgan fire gonger i året og Etterretningstenesta to gonger i året. Dersom det er nødvendig, kan utvalet gjennomføre fleire inspeksjonar. Også dei ytre tenesteledda blir inspiserte jamleg. Inspeksjonane blir varsla på førehand, men utvalet kan også gjennomføre umelde inspeksjonar.

Politiets tryggingsteneste (PST) blir leidd frå DSE - Den sentrale eininga. Tenesta har einingar i alle politidistrikta. Dei sentrale oppgåvene for tenesta er å førebyggje og etterforske ulovleg etterretningsverksmd, terrorisme og spreiring av masseøydlegingsvåpen. Utvalet konsentrerer inspeksjonsverksmda si overfor PST særleg om kriterium og praksis for å behandle personar i tenesteregistra med førebygging for auget, for å utlevere personopplysningar til andre og generelt for å halde à jour og sanere arkiv og register. Kontrollen omfattar også det arbeidet tenesta driv med personsaker, både førebyggjande saker og etterforskingssaker. Bruken av skjulte tvangsmiddel (for eksempel telefonavlytting) utgjør ein sentral del av den kontrollen utvalet har med desse sakene.

Oppgåvene til Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) er fastlagde i tryggingslova. Tenesta har førebyggjande oppgåver. Ho driv ikkje med etterforsking. Den viktigaste oppgåva utvalet har overfor denne tenesta, er å føre kontroll med saksbehandling og avgjerder i saker om tryggleiksklarering. Kontrollområdet for utvalet omfattar alle klareringsorgana, både innanfor Forsvaret og i den sivile forvaltninga. Når utvalet inspisierer NSM, er det rutine at utvalet får framlagt klageavgjerder der klaga ikkje har ført fram. I tillegg gjennomfører utvalet regelmessig stikkprøvekontrollar av avgjerder om å nekte eller kalle tilbake klareringar som det ikkje er klaga på. Ei anna viktig kontrolloppgåve er å sjå til at den førebyggjande kommunikasjonskontrollen som tenesta driv (såkalla monitoring), blir halden innanfor dei rammene som er gitt i tryggingslova med forskrifter. Dette omfattar blant anna forbod mot å avlytte privat kommunikasjon og krav om å slette materiale etter fastsette fristar.

Den lovpålagde oppgåva for etterretningstenesta er å hente inn, arbeide med og analysere informasjon som vedkjem norske tryggingsinteresser sett i høve til framande statar, organisasjonar eller individ. Dette vil seie at verksmda i tenesta er retta mot den ytre trusselen, det vil seie truslar utanfor dei norske grensene. Tenestene driv stasjonar for å samle inn og analysere elektronisk kommunikasjon, og har einingar ved dei øvste militære kommandoane. Ho samarbeider med tilsvarande tenester i andre land. Når utvalet kontrollerer Etterretningstenesta, er det ei hovudopp-

gåve å sjå til at forbodet i etterretningstenestelova mot å drive etterretning mot norske borgarar her i landet blir halde, og at tenesta er under nasjonal kontroll. Kontrollen er prega av det høge teknologiske nivået innanfor elektronisk etterretning. Derfor bruker utvalet sakkunnig hjelp når det kontrollerer denne tenesta.

### **Behandling av klagesaker i utvalet, og saker som utvalet tek opp sjølv**

Alle som meiner at EOS-tenestene kan ha gjort urett mot seg, kan klage til EOS-utvalet. Alle klager som fell innanfor kontrollområdet, og som gir opp å ha eit visst konkret grunnlag, blir undersøkte. Ei klage bør setjast opp skriftleg og sendast til utvalet. Dersom dette er vanskeleg, kan klagaren etter avtale på førehand få hjelp til å setje opp ei klage. Det er viktig å grunngi og konkretisere klaga så godt det lèt seg gjere.

Det er ingen uttrykkeleg frist for å klage til utvalet. Men utvalet er varsam med å gå inn i klager som gjeld eldre tilhøve, med mindre ein kan rekne med at dei har aktuell tyding for klagaren, og det har vore vanskeleg å fremje klaga tidlegare. Klager blir undersøkte i den tenesta dei rettar seg mot. Dels skjer dette skriftleg, dels munnleg i inspeksjonar, og dels ved kontroll i arkiv og register. Klager til utvalet blir behandla konfidensielt, men når utvalet tek ei klage opp til undersøking, gjer utvalet vedkommande teneste kjend med klaga. Dersom undersøkingane avdekkjer kritikkverdige forhold, blir saka avslutta med ei skriftleg fråsegn som peiker på dette, til vedkommande teneste. Utvalet kan ikkje påleggje tenestene å gjere noko i ei sak, men utvalet gir uttrykk for synet sitt, og kan rette tilrådingar til tenestene, for eksempel om å behandle ei sak på nytt.

Sjølv om det ikkje ligg føre noka klage, skal utvalet på eige tiltak undersøkje saker eller forhold som det meiner det er grunn til å sjå nærare på ut frå kontrollformålet. Det er framheva som særleg viktig at utvalet undersøker saker eller forhold som har vore offentleg kritiserte. Ein relativt stor del av sakene utvalet undersøker, er tekne opp på eige tiltak.

### **Utvalet har teieplikt**

Mykje av den informasjonen utvalet får i kontrollarbeidet og i undersøkinga av klagesaker, er gradert, det vil seie at det ligg under lovbestemt teieplikt grunngitt i nasjonale tryggingssinteresser. Informasjon som er teiepliktig kan utvalet ikkje føre vidare. Dette set klare grenser for kva slags orientering eller informasjon utvalet kan gi klagarar om undersøkingane sine og resultatet av dei. For klager på overvåkingsverksemd som rettar seg mot Politiets tryggingsteneste, kan utvalet som hovudregel berre opplyse om klaga har gitt grunn til kritikk eller ikkje. Utvalet kan etter lova heller ikkje opplyse ein klagar om at han ikkje er registrert overvaka, fordi ei slik ordning ville gi alle høve til å få stadfesta eller avkrefta om dei er i søkjelyset for tenestene. Utvalet kan likevel be vedkommande teneste eller departement om samtykke til å gi ei meir utfyllande grunngjeving dersom det ser ut til å liggje eit særleg behov for det i ei sak.

### **Meldingane frå utvalet til Stortinget**

Meldingane frå utvalet til Stortinget skal vere ugraderte. Dersom utvalet meiner at det ligg føre graderte opplysningar i ei sak som Stortinget bør gjere seg kjend med, skal utvalet gjere Stortinget merksam på dette. Det er så opp til Stortinget om det vil hente inn opplysningane.

## **Vedlegg 2**

### **Lov 3. februar 1995 nr. 7 om kontroll med etterretnings-, overvåkings- og sikkerhetstjeneste**

#### **§ 1. Kontrollorganet og kontrollområdet**

Stortinget velger et utvalg til å kontrollere etterretnings-, overvåkings- og sikkerhetstjeneste som utføres av den offentlige forvaltning eller under styring av eller på oppdrag fra denne.

Kontrollen omfatter ikke overordnet påtalemyndighet.

Forvaltningsloven og offentlighetsloven gjelder ikke for utvalgets virksomhet. Unntatt herfra er forvaltningslovens regler om ugildhet.

Stortinget gir en alminnelig instruks om virksomheten til kontrollutvalget innen rammen av denne lov og fastsetter bestemmelser om dets sammensetning, funksjonsperiode og sekretariat.

#### **§ 2. Formål**

Formålet med kontrollen er:

1. å klarlegge om og forebygge at det øves urett mot noen, herunder påse at det ikke nyttes mer inngripende midler enn det som er nødvendig etter forholdene,
2. å påse at virksomheten ikke utilbørlig skader samfunnslivet,
3. å påse at virksomheten holdes innen rammen av lov, administrative eller militære direktiver og ulovfestet rett.

Utvalget skal iaktta hensynet til rikets sikkerhet og forholdet til fremmede makter.

Formålet er rent kontrollerende. Utvalget kan ikke instruere de kontrollerte organer eller nyttes av disse til konsultasjoner.

#### **§ 3. Kontrollutvalgets oppgaver**

Utvalget skal føre regelmessig tilsyn med etterretnings-, overvåkings- og sikkerhetstjeneste som øves i den sivile og militære forvaltning.

Utvalget skal undersøke alle klager fra enkeltpersoner og organisasjoner. Av eget tiltak skal utvalget ta opp alle saker og forhold som det ut fra formålet finner riktig å behandle, og særlig slike som har vært gjenstand for offentlig kritikk. Med forhold menes også regelverk, direktiver og praksis.

Utvalgets undersøkelser kan gå utover de rammer som følger av § 1 første ledd, jfr. § 2 når det tjener til å klarlegge saker eller forhold som det undersøker i kraft av sitt mandat.

#### **§ 4. Innsynsrett m.v.**

For å utføre sitt verv, kan utvalget kreve innsyn i og adgang til forvaltningens arkiver og registre, lokaler, installasjoner og anlegg av enhver art. Like med forvaltningen regnes virksomhet m.v. som eies med mer enn en halvdel av det offentlige.

Enhver som tjenestegjør i forvaltningen plikter på anmodning å tilveiebringe alt materiale, utstyr m.v. som kan ha betydning for gjennomføring av kontrollen. Andre har samme plikt med hensyn til materiale, utstyr m.v. som de har mottatt fra offentlige organer.

#### **§ 5. Forklaringer og møteplikt m.v.**

Enhver plikter etter innkalling å møte for utvalget.

Klagere og andre privatpersoner i partsliknende stilling kan på ethvert trinn i saken la seg bistå av advokat eller annen fullmektig i den utstrekning det kan skje uten at graderte opplysninger derved blir kjent for fullmektigen. Samme rett har ansatte og tidligere ansatte i forvaltningen i saker som kan munne ut i kritikk mot dem.

Alle som er eller har vært i forvaltningens tjeneste har forklaringsplikt for utvalget om alt de har erfart i tjenesten.

Pliktmessig avgitt forklaring må ikke foreholdes noen eller fremlegges i retten i straffesak mot avgiveren uten dennes samtykke.

Utvalget kan begjære bevisopptak etter domstoloven § 43 annet ledd. Tvisteloven §§ 22-1 og 22-3 gjelder ikke. Rettsmøtene skal være lukket og forhandlingene holdes hemmelige. Forhandlingene holdes hemmelige inntil utvalget eller vedkommende departement bestemmer annet, jfr. §§ 8 og 9.

Endret ved lov 17 juni 2005 nr. 90 (i kraft 1 jan 2008 iflg. res. 26 jan 2007 nr. 88).

#### **§ 6. Om statsrådene og departementene**

Reglene i §§ 4 og 5 gjelder ikke statsrådene, departementene og deres embets- og tjenestemenn, unntatt i forbindelse med klarering og autorisasjon av personer og bedrifter for behandling av graderte opplysninger.

**§ 7.** (Opphevet ved lov 3 des 1999 nr. 82 (i kraft 15 okt 2000 iflg. res 22 sep 2000 nr. 958).)

**§ 8. Uttalelser og meldinger**

1. Uttalelser til klagere skal være ugraderte. Opplysning om noen har vært gjenstand for overvåkingsevne eller ikke, anses som gradert hvis annet ikke blir bestemt. Uttalelser til forvaltningen graderes etter sitt innhold. Utvalget avgjør i hvilken utstrekning dets ugraderte uttalelser eller ugraderte deler av disse skal offentliggjøres. Hvis offentliggjøring må antas å medføre at en klagers identitet vil bli avdekket, skal den samtykke foreligge.
2. Utvalget avgir årlig melding til Stortinget om sin virksomhet. Slik melding kan også gis hvis det er avdekket forhold som Stortinget straks bør kjenne til. Meldingene og deres vedlegg skal være ugraderte.

**§ 9. Taushetsplikt m.v.**

Med de unntak som følger av § 8, har utvalget og dets sekretariat taushetsplikt hvis annet ikke blir bestemt.

Utvalgets medlemmer og sekretariat er bundet av regler om behandling av dokumenter m.v. som må beskyttes av sikkerhetsmessige grunner. De skal være autorisert for høyeste beskyttelsesgrader nasjonalt og etter traktat Norge er tilsluttet.

Hvis utvalget er i tvil om graderingen av opplysninger i uttalelse eller meldinger, eller mener at av- eller nedgradering bør skje, forelegger det spørsmålet for vedkommende etat eller departement. Forvaltningens avgjørelse er bindende for utvalget.

**§ 10. Bistand m.v.**

Utvalget kan anta bistand.

Lovens regler gjelder tilsvarende for bistandspersoner. Bistandspersoner skal likevel bare autoriseres for slik beskyttelsesgrad som oppdraget krever.

Endret ved lov 20 juni 2003 nr. 45 (i kraft 1 juli 2003 iflg. res. 20 juni 2003 nr. 712).

**§ 11. Straff**

Forsettlig eller grov uaktsom overtrødelse av §§ 4, 5 første og tredje ledd, 9 første og annet ledd og 10 annet ledd i denne lov straffes med bøter eller fengsel inntil 1 år, hvis ikke strengere straffebestemmelser får anvendelse.

**§ 12. Ikrafttreden**

Denne lov trer i kraft straks.

### **Vedlegg 3**

#### **Instruks om kontroll med etterretnings-, overvåkings- og sikkerhetstjeneste (EOS)**

Vedtatt av Stortinget 30. mai 1995 med hjemmel i lov 3. februar 1995 nr. 7 om kontroll med etterretnings-, overvåkings- og sikkerhetstjeneste § 1. Endret 12 feb 1998, 14 mai 2001.

##### **§ 1. Om kontrollutvalget**

Utvalget skal ha 7 medlemmer medregnet leder og nestleder, alle valgt av Stortinget, etter innstilling fra Stortingets Presidentskap, for et tidsrom av inntil 5 år. Det bør unngås at flere enn 4 medlemmer skiftes ut samtidig.

De som velges skal være klarert for høyeste sikkerhetsgrad nasjonalt og etter traktat Norge er tilsluttet. Etter valget gis autorisasjon i samsvar med klareningen.

Presidentskapet oppnevner sekretær(er), antar eventuell kontorassistans og anordner lokaler for utvalget og sekretariatet. Annet ledd gjelder tilsvarende.

##### **§ 2. Beslutningsdyktighet og arbeidsform**

Utvalget er beslutningsdyktig når 5 medlemmer er til stede. Utvalget skal som hovedregel opptre samlet, men kan dele seg under inspeksjon av tjenestetsteder eller anlegg.

Ved særlig omfattende undersøkelser kan innhenting av forklaringer, besiktigelser på stedet mv. overlates til sekretæren og ett eller flere medlemmer. Det samme gjelder dersom slik innhenting ved det samlede utvalg vil kreve uforholdsmessig arbeid eller kostnad. Ved avhør som nevnt i dette ledd kan utvalget anta bistand. Det er da tilstrekkelig at sekretæren eller ett medlem deltar.

Utvalget kan også ellers anta bistand når det kreves særlig kyndighet.

Personer som tidligere har virket i EOS-tjenestene kan ikke antas som bistandspersoner.

##### **§ 3. Ordensforskrifter**

Sekretariatet fører sakjournal og møteprotokoll. Beslutninger og dissenser skal framgå av protokollen.

Uttalelser og bemerkninger som framkommer eller protokolleres under kontroll, anses ikke avgitt uten at de er meddelt skriftlig.

##### **§ 4. Begrensninger mv. i kontrollen**

Kontrolloppgaven omfatter ikke virksomhet som angår personer som ikke er bosatt i riket og organisasjoner som ikke har tilhold her, eller som angår utlen-

dinger hvis opphold er knyttet til tjeneste for fremmed stat. Utvalget kan likevel utøve kontroll i tilfeller som her nevnt når særlige grunner tilsier det.

Kontrollen bør innrettes slik at den er til minst mulig ulempe for tjenestenes løpende virksomhet. Det departement Kongen bestemmer kan helt eller i deler suspendere kontrollen under krise og krig inntil Stortinget bestemmer annet. Ved slik suspensjon skal Stortinget straks underrettes.

##### **§ 5. Begrensninger i innsyn**

Utvalget skal ikke søke et mer omfattende innsyn i graderte opplysninger enn det som er nødvendig ut fra kontrollformålene. Det skal såvidt mulig iakttas hensynet til kildevern og vern av opplysninger motatt fra utlandet.

Mottatte opplysninger skal ikke meddeles annet autorisert personell eller andre offentlige organer som er ukjente med dem uten at det er tjenestlig behov for det, er nødvendig ut fra kontrollformålene eller følger av saksbehandlingsreglene i § 9. I tilfelle tvil bør avgiveren av opplysningene forespørres.

##### **§ 6. Tvist om innsyn og kontroll**

Utvalgets beslutninger om hva det skal søke innsyn i og om omfanget og utstrekningen av kontrollen er bindende for forvaltningen. Mot slike beslutninger kan det ansvarlige personell på vedkommende tjenestested kreve inntatt begrunnet protest i møteprotokollen. Etterfølgende protest kan gis av forsvarssjefen og overvåkingssjefen.

Protester som her nevnt skal inntas i eller følge utvalgets årsmelding. '

##### **§ 7. Generelt om kontrollen og uttalelser**

Utvalget skal følge prinsippet om etterfølgende kontroll. Utvalget kan likevel kreve innsyn i og uttale seg om løpende saker.

I gjennomføringen av kontrollen og utformingen av uttalelser skal utvalget bygge på prinsippene i sivilombudsmannsloven § 10 første ledd og § 10 annet ledd, første, tredje og fjerde punktum, og § 11. Utvalget kan også gi forslag til forbedringer i administrative og organisatoriske ordninger og rutiner når det kan tjene til å lette kontrollen eller verne mot at det øves urett.

Før det gis uttalelse i saker som kan munne ut i kritikk eller meningsyttringer rettet mot forvaltningen, skal den ansvarlige sjef ha hatt anledning til å uttale seg om de spørsmål saken reiser.

Uttalelser til forvaltningen rettes til sjefen for vedkommende tjeneste eller organ eller til forsvarssjefen eller vedkommende departement hvis det gjelder forhold disse bør kjenne til som instruksjons- og kontrollmyndighet.

Ved uttalelser som gir oppfordring til å iverksette tiltak eller treffe beslutninger skal mottakeren bes om å gi tilbakemelding om hva som blir foretatt.

### § 8. Særlig om klager

Ved mottakelse av klager foretar utvalget de undersøkelser i forvaltningen som klagen tilsier. Utvalget avgjør om klagen gir tilstrekkelig grunn til ytterligere behandling før uttalelse avgis.

Uttalelser til klagere bør være så fullstendige som det er mulig uten å gi graderte opplysninger. Ved klager mot overvåkingstjenesten om overvåkingsmessig virksomhet skal det likevel bare uttales om klagen har gitt grunn til kritikk eller ikke. Mener utvalget at en klager bør gis en fyldigere begrunnelse, gir det forslag om det overfor vedkommende departement.

Hvis en klage gir grunn til kritikk eller meningsytringer for øvrig, skal begrunnet uttalelse herom rettes til sjefen for den tjeneste det gjelder eller vedkommende departement. Også ellers skal uttalelser i klagesaker alltid meddeles sjefen for den tjeneste klagen er rettet mot.

### § 9. Saksbehandling

Samtaler med privatpersoner skal skje i avhørsform hvis de ikke bare er av orienterende art. Samtaler med forvaltningens personell skal skje i avhørsform når utvalget finner grunn til det eller tjenestemannen ber om det. I saker som kan munne ut i kritikk mot bestemte tjenestemenn, bør avhørsform i allminnelighet nyttes.

Den som avhøres skal gjøres kjent med sine retter og plikter, jf. kontrollutvalgsloven § 5. Forvaltningens personell og tidligere ansatte kan under avhør i saker som kan munne ut i kritikk mot dem også la seg bistå av en tillitsvalgt som er autorisert etter sikkerhetsinstruksen. Forklaringen skal oppleses til vedtakelse og undertegning.

Personer som kan bli utsatt for kritikk fra utvalget, bør varsles om de ikke allerede kjenner til saken. De har rett til å gjøre seg kjent med utvalgets ugraderte materiale og med gradert materiale som de er autorisert for, alt såfremt det ikke vil skade undersøkelsene.

Enhver som gir forklaring skal foreholdes beviser og påstander som ikke samsvarer med vedkommandes egne, såfremt de er ugradert eller vedkommande er autorisert for dem.

### § 10. Undersøkelser hos departementene

Utvalget kan ikke kreve innsyn i departementenes interne dokumenter.

Dersom utvalget ønsker opplysninger eller uttalelser fra et departement eller dets personell i andre saker enn slike som gjelder departementets befatning med klarering og autorisasjon av personer og bedrifter, innhentes disse skriftlig fra departementet.

### § 11. Tilsyn

Tilsynsoppgaven er:

- For etterretningstjenesten: å sikre at virksomheten holdes innen rammen av tjenestens fastlagte oppgaver og at det ikke øves urett mot noen.
- For sikkerhetstjenesten: å sikre at virksomheten holdes innen rammen av tjenestens fastlagte oppgaver, å føre kontroll med klareringssaker for personer og bedrifter hvor klarering er frarådet av sikkerhetsstaben, eller nektet eller tilbakekalt av klareringsmyndigheten og for øvrig å påse at det ikke øves urett mot noen.
- For overvåkingstjenesten: å føre kontroll med overvåkingssaker, operasjoner og tiltak til bekjempelse av terrorvirksomhet, med avlytting og postkontroll og med at innsamling, behandling, registrering og arkivering av opplysninger om norske innbyggere og organisasjoner skjer etter det gjeldende regelverk og tilfredsstiller krav til gode rutiner, alt innen rammen av formålet i lovens § 2.
- For alle: å påse at samarbeidet og informasjonsutvekslingen mellom tjenestene holdes innen rammen av de tjenestlige behov.

Tilsynsvirksomheten skal minst omfatte:

- halvårlige inspeksjoner av etterretningsstaben sentralt med innføring i den løpende virksomheten og slik besiktigelse som finnes nødvendig.
- kvartalsvise inspeksjoner av sikkerhetsstaben med gjennomgåelse av saker som nevnt under 1 b og slik besiktigelse som finnes nødvendig.
- inspeksjoner årlig av Overvåkningssentralen med gjennomgang av nye saker og løpende avlytting- og postkontroll, samt minst 10 stikkprøver i arkiver og registre i hvert møte, og med gjennomgang av alle løpende overvåkingssaker minst 2 ganger årlig.
- årlig inspeksjon av minst 4 tjenestesteder i den ytre overvåkingstjeneste, av minst 2 tjenestesteder i etterretningsstaben lokalt og/eller etterretnings-/sikkerhetstjeneste ved militære staber og avdelinger og av personellsikkerhetstjenesten ved minst 2 departementer/etater.

- e) inspeksjon av eget tiltak av det øvrige politi og andre organer eller institusjoner som bistår overvåkingstjenesten.
- f) for øvrig slik inspeksjon som lovens formål tilsier.

### § 12. Meddelelser til offentligheten

Innen rammen av lovens § 9 tredje ledd jf. § 8 nr. 1 bestemmer utvalget hva som skal meddeles offentligheten i saker som kommisjonen har uttalt seg om. Ved omtalen av personer skal hensynet til personvernet iakttas også om det ikke gjelder klagere. Tjenestemenn skal ikke navngis eller identifiseres på annen måte uten med vedkommende departements godkjenning.

For øvrig kan lederen eller den utvalget bemyndiger i vedkommendes sted gi meddelelser til offentligheten om en sak er under undersøkelse og om den er ferdigbehandlet eller når den vil bli det.

### § 13. Forholdet til Stortinget

- 3. Bestemmelsen i § 12 første ledd gjelder tilsvarende for utvalgets meldinger og årsmeldinger til Stortinget.

Hvis utvalget anser at hensynet til Stortingets kontroll med forvaltningen tilsier at Stortinget bør gjøre seg kjent med graderte opplysninger i en sak eller et forhold det har undersøkt, skal det i særskilt melding eller i sin årsmelding gjøre Stortinget oppmerksom på det. Det samme gjelder dersom det er behov for ytterligere undersøkelser om forhold som utvalget selv ikke kan komme videre med.

Innen 1. april hvert år avgir utvalget melding til Stortinget om sin virksomhet i det foregående år.

Årsmeldingen bør omfatte:

- a) en oversikt over utvalgets sammensetning, møtevirksomhet og utgifter.
- b) en redegjørelse for utført tilsyn og resultatet av det.
- c) en oversikt over klagesaker fordelt etter art og tjenestegren og med angivelse av hva klagen har resultert i.
- d) en redegjørelse for saker og forhold tatt opp av eget tiltak.
- e) en angivelse av eventuelle tiltak som er bedt iverksatt og hva det har ført til, jf. § 6 femte ledd.
- f) en angivelse av eventuelle protester etter § 5.
- g) en omtale av saker eller forhold som bør behandles av Stortinget.
- h) utvalgets alminnelige erfaringer med kontrollen og regelverket og mulige behov for endringer.

### § 14. Utgiftene

- 1. Kontrollutgiftene dekkes over Stortingets budsjett.
- 2. Godtgjørelsene til utvalgets medlemmer og sekretariat fastsettes av Stortinget.
- 3. Enhver som blir innkalt til utvalget har krav på å få sine reisekostnader dekket etter det offentlige regulativ. Tap i inntekt erstattes etter reglene for vitner ved domstolene.
- 4. Sakkyndige godtgjøres etter salærforskriftene ved domstolene. Høyere satser kan avtales. Andre bistandspersoner godtgjøres etter satsene i komitéregulativet dersom annet ikke blir avtalt.



